



Kommunal- og
moderniseringsdepartementet

Rettleiar

Barn og unge i plan og byggesak

Korleis sikre og skape gode oppvekstvilkår for barn og unge gjennom
planlegging og byggesaksbehandling



Innleiing

I planlegging og i krav til kvart enkelt byggjetiltak skal omsynet til barn og unge sikrast. Denne rettleiaren viser korleis plan- og bygningslova kan medverke til å sikre og skape gode oppvekstvilkår for barn og unge.

Vi håpar den vil vere til inspirasjon og nytte.

Oslo, oktober 2021

Innhold

Innleiing	2
1 Kva inneber interessene til barn og unge?	5
2 Lover og konvensjonar som gjeld interessene til barn og unge	6
2.1 Barn og unge skal takast vare på – berekraftsmåla til FN	6
2.2 FNs konvensjon for barnets rettar – barnekonvensjonen	6
2.3 Grunnlova i Noreg	7
2.4 Lov om planlegging og byggesaksbehandling – plan- og bygningslova	7
2.5 Lov om kommuner og fylkeskommuner – kommunelova	7
2.6 Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker – forvaltningslova	7
2.7 Lov om folkehelsearbeid – folkehelselova	8
3 Korleis bruke plan- og bygningslova for å skape gode samfunn for barn og unge ..	10
3.1 Felles føresegner for plandelen og byggjesaksdelen	10
3.1.1 Formålet med lova	10
3.1.2 Forholdet til forvaltningslova og retten til å klage	11
3.1.3 Kart og stadfesta informasjon	11
3.2 Plandelen av plan- og bygningslova	11
3.2.1 Oppgåver, mynde, ansvar	11
3.2.2 Etablering av ei særskild ordning for å sikre interessene til barn og unge ..	12
3.2.3 Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge	12
3.2.4 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging	13
3.2.5 Planprogram. Gjere greie for konsekvensar for barn og medverknad ...	13
3.2.6 Planbeskriving – skal følgje alle planar	14
3.2.7 Medverknad	14
3.2.8 Høyring og offentleg ettersyn – barn og unge er høyringsinstansar ..	16
3.2.9 Regionalt planforum – deltaking frå barn og unge	16
3.2.10 Motsegner til planforslag	16
3.2.11 Regional planstrategi. Regional plan	16
3.2.12 Kommunal planstrategi	16
3.2.13 Kommunal planstrategi. Vurderingstema om barn og unge sine interesser	17
3.2.14 Kommuneplan	18
3.2.15 Samfunnssdelen av kommuneplanen. Prioriteringar av ressursar og arealbruk	18
3.2.16 Samfunnssdelen. Vurderingstema om interessene til barn og unge ..	19
3.2.17 Arealdelen av kommuneplanen	19
3.2.18 Arealdelen av kommuneplanen. Vurderingstema	20
3.2.19 Rettsverknad av arealdelen av kommuneplanen: juridisk bindande	20
3.2.20 Arealformål i arealdelen av kommuneplanen – interessene til barn og unge	21
3.2.21 Generelle føresegner til kommuneplanens arealdel	21
3.2.22 Føresegner til arealformål (§ 11-10) etter § 11-7 nr. 1, 2, 3 og 4	23
3.2.23 Oppstart av arbeid med kommuneplan jf. § 11-12	24

3.2.24	Utarbeiding av planprogram	24
3.2.25	Høyring av planforslag	24
3.2.26	Reguleringsplanlegging	25
3.2.27	Områderegulering. Vurderingstema for interessene til barn og unge ...	25
3.2.28	Detaljregulering. Vurderingstema for interessene til barn og unge ..	25
3.2.29	Arealformål i reguleringsplan, jf. § 12-5	25
3.2.30	Føresegner i reguleringsplan, jf. § 12-7	26
3.2.31	Oppstart av reguleringsplanarbeid, jf. § 12-8	28
3.2.32	Utbyggingsavtalar etter §§ 17-1 – 17-7	29
3.2.33	Dispensasjon, jf. §§ 19-1 – 19-4	29
3.3	Byggjesaksdelen av plan- og bygningslova	29
3.3.1	Søknadsplikt etter § 20-2	30
3.3.2	Førehandskonferanse etter § 21-1	30
3.3.3	Nabovarsel	30
3.3.4	Tilsynsplikt	30
3.3.5	Den uutbygde delen av tomta. Fellesareal	31
4	Aktiv medverknad av barn og unge	32
4.1	Barn og unge – verdien av å la barn og unge medverke	32
4.2	Kommunens ansvar	33
4.3	Statsforvaltaren og fylkeskommunens ansvar	34
4.4	Motsegner dersom medverknad ikkje blir gjennomført	34
4.5	Medverknadsorgan – korleis involvere barn og unge	34
4.6	Barnetråkk	35
4.7	Andre metodar for medverknad	35
5	Den særskilde ordninga etter pbl. § 3-3	36
5.1	Politisk vedtak ved oppnemning	36
5.2	Varsel om etablering av ordning.....	36
5.3	Kommunedirektørens oppgåver og mynde overfor talspersonen	36
5.4	Den særskilde ordninga: møte-, tale- og forslagsrett	37
5.5	Protokolltilførsel	37
5.6	Instruks for ordninga	38
5.7	Kven bør peikast ut som talsperson for barn og unge?	38
5.8	Tilrettelegging og opplæring	38
5.9	Moglege løysingar/modellar for ordninga	39
5.9.1	Folkehelsekoordinator	39
5.9.2	Sekretær for barne- og ungdomsråd	39
5.9.3	Koordinatorar lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT/SaLTo)..	39
6	Eksempel, nettsider, andre rettleiarar	41
6.1	Data som grunnlag for planlegging - Ungdata.....	41
6.2	Eksempel planstrategiar	41
6.3	Medverknad	41
6.3.1	Barna i sentrum	41
6.3.2	Berlevåg kommune	41
6.3.3	Nabolagsarkitekten	41
6.4	Andre rettleiarar	42
6.4.1	Helsedirektoratets rettleiarar	42
6.4.2	TØI: Tiltakskatalog for transport og miljø, www.tiltak.no	42

1 Kva inneber interessene til barn og unge?

God og gjennomtenkt planlegging er grunnleggjande for at barn får trygge oppvekstvilkår og eit godt utgangspunkt for god helse. Det må vere enkelt og trygt å gå og sykle til skulen, venner og fritidsaktivitetar, og det må finnast område for fysisk utfalding. Det inneber mellom anna at ein legg til rette for gode og trygge møteplassar og aktivitetsfremjande omgivnader som gir varierte arenaer for sosialt samvær, leik og utfalding. Det må finnast areal og stader der ulike aldersgrupper kan opphalde og utfalte seg. Barn er ulike. Eldre barn og ungdommar rører seg i ein større radius enn mindre barn. Nokre treng større område der dei kan sykle, skate, drive med ulike typar ballspel eller andre aktivitetar. Andre vil ha rolege og litt verna møteplassar der dei kan prate eller leike saman.

Nesten all planlegging har innverknad på nærmiljøet og oppvekstvilkåra for barn og unge på kort og/eller lang sikt. Derfor er det viktig at dei som planlegg og byggjer, tek ekstra omsyn til barn og unge og deira behov. I saker som gjeld barn og unge, bør barnetråkk og fråseigner frå barna sjølv, elevråd, ungdomsråd og ungdommens bystyre brukast som dokumentasjon.

Barn og unge er framheva spesielt i formålsparagrafen i plan- og bygningslova fordi dei skil seg frå andre grupper. Dei er umyndige, har liten innverknad og er heilt avhengige av at vaksne tek hand om deira interesser i plan- og byggjesaker. Planlegging etter plan- og bygningslova skal leggje vekt på langsiktige løysingar, og det skal gjerast greie for konsekvensar for miljø og samfunn. Omsynet til oppvekstvilkåra for barn og unge skal sikrast i planlegginga og i kvart enkelt byggjetiltak.

Medverknad frå barn og unge er ei kjelde til idear og forslag som kan gjere staden meir spennande og attraktiv og meir tilpassa deira ønske og behov. Aktiv deltaking i samfunnplanlegging og stadutviklingsprosessar kan òg føre til at ungdommen får ei meir positiv haldning til staden og større lyst til å bu der i framtida.

2 Lover og konvensjonar som gjeld interessene til barn og unge

Det er fleire konvensjonar, lover og retningslinjer som pålegg samfunnet å leggje til rette for barn og unge. Vi gjer greie for dei viktigaste her.

2.1 Barn og unge skal takast vare på – berekraftsmåla til FN

2030-agendaen til FN, med dei 17 berekraftsmåla, blei vedteken i 2015, og krev felles innsats frå styresmakter, sivilsamfunn, privat sektor og akademia i alle land. Agendaen søker gjennom dei 17 måla å bidra til eit betre liv for alle menneske, fjerne fattigdom, auke alle menneske sin moglegheit til utdanning, trygge liv, likestilling mellom kjønna, gi ekstra støtte til utsette, kvinner, barn, og unge jenter og menneske med funksjonsnedsettingar. Samtidig er agendaen sine mål å redusere klimaendringar, redusere forureining, forsøpling, styrke klimavennleg transport i alle former gjennom berekraftig utvikling innan alle dei tre dimensjonane; økonomisk, sosialt og miljømessig.

Eit sentralt prinsipp i 2030-agendaen er at ingen skal utelatast, «Leave no one behind» seier den. Dei mest sårbare og marginaliserte menneska og gruppene i verda skal inkluderast i utviklinga. Agendaen byggjer på at mogleheter for alle og fridom til å leva eigne liv berre kan sikrast gjennom eit rettferdig og berekraftig samfunn. I fleire av måla for 2030-agendaen er kvinner, barn, eldre og personar med funksjonsnedsetting særleg framheva.

Gjennom å sikra barn og unges interesser i vår samfunns- og arealplanlegging bidreg vi til å nå intensionane i berekraftsmåla og i FNs Agenda 2030.

2.2 FNs konvensjon for barnets rettar – barnekonvensjonen

FNs *Barnekonvensjon* er den første internasjonale menneskerettsskonvensjonen som gir barn ein spesiell juridisk status. Barnekonvensjonen blei ratifisert i Noreg i 1991. I 2003 blei han inkorporert i norsk lov. Barnekonvensjonen har to grunnleggjande prinsipp som gjeld barn og unge og forholdet til plan- og byggjesaksbehandling.

Dette gjeld artikkel 3 og 12.

Artikkel 3 første ledd:

«Ved alle handlinger som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private vel-fredsorganisasjoner, domstoler, administrative myndigheter eller lovgivende organer, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn.»

Artikkel 12 handlar om barns rett til å bli høyrde, og seier:

«Partene skal garantere [...] barn retten til fritt å gi uttrykk for disse synspunkter i alle forhold som vedrører barnet, og tillegge barnets synspunkter behørig vekt i samsvar med dets alder og modenhet.»

2.3 Grunnlova i Noreg

I 2014 blei barnas eigne rettar føydde til i Noregs grunnlov i § 104, som også sikrar dei grunnleggjande prinsippa i Barnekonvensjonen sitat:

«*Barn har krav på respekt for sitt menneskeverd. De har rett til å bli hørt i spørsmål som gjelder dem selv, og deres mening skal tillegges vekt i overensstemmelse med deres alder og utvikling. Ved handlinger og avgjørelser som berører barn, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn.*»

«*Barn har rett til vern om sin personlige integritet. Statens myndigheter skal legge forholde til rette for barnets utvikling, herunder sikre at barnet får den nødvendige økonomiske, sosiale og helsemessige trygghet, fortrinnsvis i egen familie.*»

2.4 Lov om planlegging og byggesaksbehandling – plan- og bygningslova

Dei overordna prinsippa i Barnekonvensjonen og Grunnlova er integrerte i formålsparagrafen i [plan- og bygningslova](#). Den pålegg alle som driv planlegging og byggjesaksbehandling, å ta omsyn til oppvekstvilkåra til barn og unge. Vidare seier plan- og bygningslova at alle som planlegg, har ansvar for å sikre aktiv medverknad frå barn og unge. Denne rettleiaren gjer greie for kva dette inneber.

2.5 Lov om kommuner og fylkeskommuner – kommunelova

Ny kommunelov som tok til å gjelde i 2019, slår fast at alle kommunar skal ha ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom. Rettleiaren for ungdomsråd gir tips om korleis råda kan arbeide.

2.6 Lov om behandlingsmåten i forvaltingssaker – forvaltningslova

I forvaltningslova § 11 om rettleiingsplikt står dette: «Forvaltningsorganene har innenfor sitt saksområde en alminnelig veiledningsplikt. Formålet med veiledingen skal være å gi parter og andre interesserte adgang til å vareta sitt tarv i bestemte saker på best mulig måte.»

Vidare seier § 17 dette om forvaltningsorganets utgreiings- og informasjonsplikt:
«Forvaltningsorganet skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes.»

Dette er viktige føresetnader å legge til grunn når interessene til barn og unge skal sikrast i planlegging og i kvar enkelt byggjesak etter plan- og bygningslova.

2.7 Lov om folkehelsearbeid – folkehelselova

Omsynet til barn og unge i planlegginga bør òg sjåast i samanheng med krav i lov om folkehelsearbeid, som blir kalla folkehelselova. Folkehelselova pålegg alle forvaltningsnivå og sektorar å legge folkehelseperspektivet til grunn for verksemda si og å vurdere konsekvensar for folkehelsa ved planane og tiltaka dei set i verk, og den verksemda dei er ansvarlege for.

Koplingspunktet mellom folkehelselova og plan- og bygningslova er mange (sjå folkehelselova §§ 1, 4, 5, 6 og 7). Mellom anna skal kommunen i samsvar med lov om folkehelsearbeid § 1 første ledd "fremme befolkningens folkehelse, trivsel, sosiale og miljømessige forhold" (utdrag). Vidare blir kommunen i § 4 andre ledd pålagd "å fremme folkehelse innen de oppgaver og med de virkemidler kommunen er tillagt, herunder ved lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tjenesteyting." På si side krev plan- og bygningslova at all planlegging skal "fremme befolkningens helse" (utdrag av § 3-1 punkt f).

Kommunane er gjennom folkehelselova § 5 pålagde å ha ei nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga. Folkehelselova § 6 seier: "Oversikten etter § 5 annet ledd skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunens planstrategi. En drøfting av kommunens folkehelseutfordringer bør inngå i strategien, jf. plan- og bygningsloven § 10-1." Denne oversikta inneber også forhold som gjeld barn og unge, og skal leggjast til grunn i all planlegging for og med desse gruppene.

Oversiktsarbeidet skal inngå som grunnlag for drøfting i planstrategien til kommunane og gi retning for det systematiske folkehelsearbeidet i kommunen. Kommunane og fylkeskommunane har plikt til å jobbe systematisk med utfordringane. Det vil i praksis seie at vurderingar og målsetjingar som gjeld folkehelse og barn og unge, skal gå som ein raud tråd i plansystemet.

Folkehelselova § 5

Oversikt over helsetilstanden og faktorar som medverkar

Folkehelselovas § 6 1. og 2. ledd,
om kopling til planlegging etter plan- og bygningslova



Kopling til kommunal planstrategi
pbl. § 10-1



Følgje opp overordna mål og strategiar for
folkehelsearbeidet. Mål og strategiar skal inngå i
kommuneplanar etter plan- og bygningslova § 11-1

Planprogram for kommuneplanen
pbl. § 11-2 og § 11-5



Kommuneplanens
samfunnsdel med
handlingsdel
pbl. § 11-1

Kommuneplanens
arealdel
pbl. § 11-5



Kommunedelplanar med eigen handlingsdel



Økonomiplan kml. § 14-4 og pbl. § 3-1 a

Figur 2.1 Fasane i planlegginga og forholdet mellom folkehelselova og plan- og bygningslova

3 Korleis bruke plan- og bygningslova for å skape gode samfunn for barn og unge

Plan- og bygningslova er sentral for all samfunnsplanlegging, arealforvaltning og byggjeksaksverksemd i Noreg. Lova gir rammer og føringar. Ho pålegg òg plan- og bygningsstyremaktene å ta omsyn til og å sikre barn og ungdom eit godt oppvekstmiljø. Interessene til barn og unge skal sikrast i alle plan- og byggjesaker som blir behandla etter lova.

Stat, fylkeskommunar, kommunar og private planforslagsstillarar og utbyggjarar har alle eit ansvar for å følgje opp intensjonen i lova.

Plan- og bygningslova er delt i to: ein plandelen og ein byggjesaksdel. Plandelen handlar om korleis vi planlegg samfunnet. Bygningsdelen handlar i hovudsak om krav til bygningsmassen og kvart enkelt bygg og korleis byggjesaka skal følgje opp intensjonane i planane.

Interessene til barn og unge blir i første rekke sikra gjennom planføresegner. Krav i plan skal sikrast i byggjesaksbehandlinga.

Dette kapittelet handlar om dei paragrafane som er særleg relevante for å sikre omsynet til behova og interessene til barn og unge.

3.1 Felles føresegner for plandelen og byggjesaksdelen

3.1.1 Formålet med lova

I § 1-1 seier plan- og bygningslova:

«Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner.

Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser.

Byggesaksbehandling etter loven skal sikre at tiltak blir i samsvar med lov, forskrift og planvedtak. Det enkelte tiltak skal utføres forsvarlig.

Planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter. Det skal legges vekt på langsiktige løsninger, og konsekvenser for miljø og samfunn skal beskrives.

Prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak. Det samme gjelder hensynet til barn og unges oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgivelsene.»

Barn og unge er særskilt framheva i formålet med lova fordi dei skil seg frå andre grupper. Dei er umyndige, har lita innverknadsmakt og er heilt avhengige av at vaksne tek hand om interessene deira i plan- og byggjesaker. Formålsparagrafen i lova seier at alle, anten dei planlegg eller har ei byggjesak, skal ta omsyn til oppvekstvilkåra for barn og unge.

Vaksne med ansvar for samfunnsutviklinga må derfor vurdere om dei faktisk skaper gode oppvekstmiljø, og om dei skaper ei ønskt utvikling til beste for barn og unge i plan- og byggjesaker. Lova seier òg at prinsippet om universell utforming skal sikrast i planlegginga og krava til kvart enkelt byggjetiltak. Målgruppa for universelle løysingar er heile befolkninga, men dei kjem ofte barn og unge til gode.

3.1.2 Forholdet til forvaltningslova og retten til å klage

Barn og unge har også rett til å klage dersom dei er part i saka, jf. § 1-9. Ver merksam på at kommunen er første klageinstans, fordi det er kommunen som har gjort vedtaket. I reguleringssplanar kan barn og unge klage på eit kommunestyrevedtak. Det kan for eksempel vere aktuelt dersom leike- og opphaldsareal er omdisponerte til utbyggingsformål. Barna kan òg klage på manglende medverknad dersom det er tilfellet, og manglende erstatningsareal dersom det ikkje er funne.

I plan- og bygningslova § 1-9 siste ledd står det at departementet er klageinstans for enkeltvedtak etter plan- og bygningsloven. Departementet har delegert myndigheita til statsforvaltaren, slik at klager på kommunale vedtak etter plan- og bygningslova blir avgjort av statsforvaltaren.

Klager skal sendast via kommunen, og dersom kommunen ikkje endrar vedtaket, sendast klagesaka til statsforvaltaren for avgjerd.

3.1.3 Kart og stadfesta informasjon

Kommunen skal ha ein arealplan for heile kommunen (kommuneplanens arealdel). Kommuneplanens arealdel omfattar eit plankart, planføresegner og planbeskriving jf. § 2-1. Areal som er viktige for barn og unge, blir fastsette i desse planane. Det kan vere bustadområde, barnehagar, skular, kulturanlegg, friområde, parkar, sykkelstiar, gangvegar, snarvegar, stinett og anna. Lokalisering og storleik og forholdet mellom desse er viste i plankart. Dei overordna føringane i arealdelen av kommuneplanen skal følgjast i meir detaljerte reguleringsplanar.

Den vedtekne arealplanen med føresegner er grunnlaget for byggjesaksbehandlinga. Føresegner som sikrar interessa til barn og unge sikrast på denne måten i byggjesaksbehandlinga.

3.2 Plandelen av plan- og bygningslova

3.2.1 Oppgåver, mynde, ansvar

Føresegna i § 3-1 tek utgangspunkt i § 1-1 og listar opp dei viktigaste omsyna og oppgåvene som skal sikrast i planlegginga. Formuleringa "gode bomiljøer og gode oppvekst- og levekår i alle deler av landet" i punkt e understrekar kor viktig planlegginga er for å oppfylle inten-sjonen i formålsparagrafen om å sikre omsynet til oppvekstvilkåra for barn og unge.

All planlegging skal ifølge punkt f mellom anna "fremme befolkningens helse og motvirke sosiale helseforskjeller", jf. det som er sagt om koplinga til folkehelselova i kapittel 1. Tiltak som medverkar positivt for helsa til unge, er god tilgang til område for rekreasjon og aktivitet og tiltak mot forureining og støy.

Lova understrekar at planlegging er sektorovergripande. Samarbeid skal skje på tvers av sektorar og forvaltningsnivå. Omsynet til barn og unge er ei av mange interesser som skal sikrast. Samarbeid mellom planleggjarar og sektorar som har kunnskapar om behova til barn og unge, er derfor viktig for å sikre desse interessene.

I § 3-1 fjerde ledd går det fram at planar etter denne lova skal vere med på å gjennomføre internasjonale konvensjonar og avtalar innanfor verkeområdet til lova, slik som Barnekonvensjonen.

Ifølge § 3-2 er det kommunestyret, fylkestinget og Kongen som har ansvar for planlegginga etter lova. Dei har dermed alle på kvart sitt nivå eit overordna ansvar for at røystene til barn blir høyrde, og at omsynet til barns beste blir sikra. Hovudansvaret for å organisere og gjennomføre den kommunale planlegginga ligg hos kommunestyret. Kommunestyret må stå til ansvar for dei planane dei godkjenner, og dei resultata dette gir.

Det går fram av plan- og bygningslova § 3-2 fjerde ledd at statsforvaltaren skal sjå til at kommunen oppfyller plikta til planlegging etter lova. Fylkeskommunen skal rettleie og hjelpe kommunane i planleggingsoppgåvene. Dei rikspolitiske retningslinjene for å styrke interessene til barn og unge i planlegginga peiker også på dette særlege ansvaret.

3.2.2 Etablering av ei særskild ordning for å sikre interessene til barn og unge

Kommunestyret skal ifølge § 3-3 sørge for å etablere «en særskilt ordning» for å sikre interessene til barn og unge i planlegginga.

Intensjonane bak ordninga er at den som har denne rolla, skal medverke til å gjere interessene til barn og unge meir synlege og følgje dei opp i all plan- og byggjesaksbehandling. Vidare ligg det i intensjonen at den som har funksjonen, på eit tidleg tidspunkt skal få innsikt i og rett til å uttale seg i dei delane av saksbehandlinga og planlegginga som vedkjem barn og ungdom. Les meir om den særskilde ordninga i kapittel 5.

3.2.3 Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge

Staten har i tråd med § 3-5 ansvar for å utarbeide statlege planretningslinjer og planvedtak med det formål å sikre nasjonale eller regionale interesser. Staten skal òg utarbeide Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Sjå òg kapittel 3.2.4.

Rikspolitiske retningslinjer for å styrke interessene til barn og unge i planlegging (RPR BU) er statlege planretningslinjer. RPR BU gjeld for heile landet og skal leggjast til grunn ved statleg, regional og kommunal planlegging og i enkeltvedtak som statlege, regionale og kommunale organ gjer etter lova. RPR BU tok til å gjelde i 1989 og skal synleggjere, styrke og sikre interessene til barn og unge i all planlegging og byggjesaksbehandling etter plan- og bygningslova.

Retningslinjene har som mål å støtte opp under viktige nasjonale mål for oppvekstmiljøet til barn og unge, desse er: :

«a) å sikre et oppvekstmiljø som gir barn og unge trygghet mot fysiske og psykiske skadefirkninger, og som har de fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetene som til enhver tid er i samsvar med eksisterende kunnskap om barn og unges behov.

b) å ivareta det offentlige ansvar for å sikre barn og unge de tilbud og muligheter som samlet kan gi den enkelte utfordringer og en meningsfylt oppvekst uansett bosted, sosial og kulturell bakgrunn.»

I *Rundskriv T-2/08* Om barn og planlegging gis rettleiing om retningslinjene. Vi gjer merksam på at det rundskrivet blei laga før siste plan- og bygningslov i 2008 og seinare endringar, slik at nokre av tilvisingane til paragrafar ikkje lenger stemmer. Tilrådingar som gjeld leikeplassnormer, kan òg vere utdaterte.

3.2.4 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

Regjeringa utarbeider Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging kvart fjerde år. Den siste utgåva blei publisert i mai 2019. Forventningane skal følgjast opp i planlegging etter plan- og bygningslova og leggjast til grunn for statens deltaking.

I nasjonale forventningar frå 2019 er det sett opp desse forventningane knytte til barn og unge og deira oppvekstmiljø:

- «Fylkeskommunane og kommunane legg til rette for sykling og gange i byar og tettstader, mellom anna gjennom trygge skolevegar, ved å planleggje for gange og sykling frå kollektivknutepunkt og ut til friluftslivsområde og for transportløysingar for grupper som er mindre mobile.
- Kommunane legg vekt på å sikre byrom og blågrøn infrastruktur med stiar og turvegar som sikrar naturverdiar og omsyn til overvatn og legg til rette for fysisk aktivitet og naturopplevelsingar for alle.
- Kommunane tek hand om interessene til barn og unge gjennom ei samfunns- og arealplanlegging som skaper trygge, attraktive og aktivitetsfremjande by- og buminiljø.
- Kommunane sikrar trygge og helsefremjande bu- og oppvekstmiljø, frie for skadeleg støy og luftforureining.»

3.2.5 Planprogram. Gjere greie for konsekvensar for barn og medverknad

For alle regionale planar og kommuneplanar, og for reguleringsplanar som kan ha vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal det som eit ledd i varsling av planoppstart utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet.

I samband med dette arbeidet bør det vurderast om og korleis oppvekstmiljøet til barn blir påverka av planforslaget. Konsekvensane av eit arealtiltak kan for eksempel vere endringar i avstanden til skule og barnehage eller grøntområde, redusert tilgang til friområde, omdisponering av område og endra tilgang til gang- og sykkelveg. Vidare må det gjerast ei vurdering av kva følgjer desse forholda har for barn og unge. Ei slik vurdering er òg eit krav i artikkel 3 i barnekonvensjonen.

Planprogrammet skal avklare kva for alternativ som skal inngå i utgreiingsarbeidet. Desse må vere relevante og realistiske. Dersom eit planområde kan realiserast på fleire måtar, er det viktig at planstyresmaktene kjenner til desse, slik at dei kan vurdere og velje den beste løysinga ut frå omsynet til miljø og samfunn og livsmiljøet og utfaldingsmoglegheitene til barn og unge.

I planprogrammet skal det gjerast greie for opplegg for medverknad, særleg for grupper som det venteleg får spesielt store følgjer for. I dette inngår også medverknad frå barn og unge med tanke på korleis dette skal organiserast og leggjast til rette, jf. § 5-1.

3.2.6 Planbeskriving – skal følgje alle planar

Ei planbeskriving skal følgje alle planar, jf. § 4-2. Beskrivinga skal gjere det klart for høyingsinstansane kva planen inneheld, og kva verknader han har. Planbeskrivinga skal spesielt gjere greie for dei rammene og retningslinjene som gjeld for området, for eksempel rikspolitiske *Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegging* (PRP BU) og folkehelselova.

Det skal gå fram av beskrivinga korleis planforslaget oppfyller krava til planprosessen, jf. RPR-BU punkt 4a og d (vurdering av konsekvensar og medverknad). Synspunkt frå barn og unge skal takast med i beskrivinga. RPR-BU punkt 5 stiller krav til den fysiske utforminga. Ved omdisponering av areal som er sette av til eller er i bruk av barn og unge, skal det skaffast fullverdig erstatningsareal. Planbeskrivinga må gjere nærmare greie for korleis desse krava er løyst. Les meir i Kommunal- og moderniseringsdepartementets rettleiing om planbeskriving.

Dersom regionale planar, kommunale planar eller reguleringsplanar kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal planbeskrivinga gi ei særskild vurdering av det. Sjå nærmare reglar for konsekvensutgreiing i *forskrift* om konsekvensutgreiing fastsett 22. juni 2017.

Det er laga ei rettleiing om konsekvensutreiingar for kommuneplanens arealdel. I kap 5.2. står det:

«I arbeidet med konsekvensutredningen må man systematisk gå igjennom og identifisere den kunnskapen som foreligger om forhold som kan bli berørt. Konsekvensutredningen skal beskrive de elementene som kan bli påvirket av tiltaket, og vurdere hvorvidt tiltaket vil medføre vesentlige virkninger for miljø og samfunn. *KU-forskriften § 21* gis det en oversikt over de elementene (faktorene) eller tema som skal identifiseres og utredes der det er beslutningsrelevant.»

Barn og unge sine oppvekstvilkår er eitt tema i denne lista.

3.2.7 Medverknad

Plan- og bygningslova § 5-1 første ledd seier:

«Enhver som fremmer planforslag, skal legge til rette for medvirkning. Kommunen skal påse at dette er oppfylt i planprosesser som utføres av andre offentlige organer eller private.

Kommunen har et særlig ansvar for å sikre aktiv medvirkning fra grupper som krever spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge. Grupper og interesser som ikke er i stand til å delta direkte, skal sikres gode muligheter for medvirkning på annen måte.»

Alle som utarbeider eit planforslag, har plikt til å leggje til rette for aktiv medverknad frå barn og unge. Medverknad bør setjast i gang tidleg i planprosessen. Kommunar har eit

særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad frå barn og unge. Kommunen skal presentere planforslaget slik at det blir forståeleg for barn og unge.

I Rundskriv T-2/09 Ikrafttredelse av ny plandel av plan- og bygningsloven står det:

«Barn og unge står i en særstilling som gruppe i forhold til andre som krever spesiell tilrettelegging i forhold til planarbeidet, og er derfor spesielt framhevet i loven. Alle som utarbeider og fremmer planforslag har en plikt til å legge til rette for aktiv medvirkning. I midlertid påhviler det kommunen som planmyndighet en særskilt plikt og oppgave med å påse at kravet om å tilrettelegge for medvirkning er fulgt der andre myndigheter og private har utarbeidet planforslaget. Dette er nødvendig for å kvalitetssikre saksbehandlingen i forhold til medvirkningskravet generelt. Dessuten har kommunen en særlig oppgave med å tilrettelegge for at grupper som ellers ikke så lett kommer til orde i planprosesser, aktivt skal bringes inn. I loven er barn og unge nevnt direkte som en slik gruppe, men også grupper med forskjellige funksjonsnedsettelser kan ha behov for slik tilrettelegging.»

Det er verdt å merke seg at medverknad frå barn og unge skal skje i planprosessen *før* planen blir send ut til høyring og offentleg ettersyn. I denne fasen er det mogleg å komme med konstruktive innspel som det kan takast omsyn til i planforslaget.

Barn og unge representert av ungdomsråd eller barnerrepresentant kan delta i oppstarts-møtet for planar som kan få følgjer for dei. Slik kan dei komme med innspel og spørsmål og melde behov tidleg i planprosessen.

Så snart oppstartsmøtet har vore gjennomført og rammer for planen er avklarte, bør barn og unge involverast i aktiv medverknad. Det er i denne fasen planane blir utforma og konkretiserte.

Kommunen skal sjå til at medverknad blir gjennomført. Sjå også forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningslova.

Merk: Den som er peikt ut til å ta hand om den særskilde ordninga for å sikre interessene til barn og unge i planlegginga etter § 3-3 tredje ledd, har berre ansvar for å sjå til at det blir gjennomført medverknad med barn og unge i tråd med lova. Fråsegner frå denne personen/representanten kan ikkje erstatte kravet til medverknad, og vedkommande har ikkje automatisk ansvar for gjennomføring av medverknadsprosessen.

Sjå rettleiing om medverknad.

Ungdomsråd

I kommuneloven § 5-12 er kommunen pålagd å etablere ungdomsråd eller eit anna medvirkningsorgan for ungdom, jf. kapittel 2.5. Kommunen må gjere ei grundig vurdering av kva for medverknadsorgan han skal bruke, og spesielt om han skal bruke ungdomsrådet eller anna medverknadsorgan. Det er ikkje alltid desse organa er representative for dei barna og unge som ein plan faktisk får følgjer for, og desse bør derfor involverast direkte. Les meir i kapittel 4.

3.2.8 Høyring og offentleg ettersyn – barn og unge er høyringsinstansar

Barn og unge, ungdomspanel, barna og ungdommens kommunestyre eller ungdomsråd er høyringsinstansar når planforslag blir lagde ut til offentleg ettersyn, jf. § 5-2. Det er dei eksisterande ungdomsråda eller andre medverknadsorgan òg. Barn og unge skal få høve til å uttale seg og komme med innspel til planforslaget dersom dei ønskjer det.

3.2.9 Regionalt planforum – deltaking frå barn og unge

Regionalt planforum er eit organ der statlege og regionale styresmakter og kommunar som den enkelte plansaka får følgjer for, skal delta (§ 5-3). I saker som er spesielt viktige for barn og unge, er det tilrådd at representanten for barn og unge i dei aktuelle kommunane kan delta. I tråd med andre ledd i paragrafen kan den regionale planstyresmakta også invitere barn og unge som plansaka får følgjer for, til regionalt planforum. Det er tilrådeleg at dei gjer dette.

3.2.10 Motsegner til planforslag

Statlege og regionale styresmakter har høve til å fremje motsegn til arealdelen av kommuneplanen og reguleringsplanar i spørsmål som har nasjonal eller vesentleg regional vekt, eller dersom planforslaget er i strid med føresegner i lova, forskrift, statleg planretningslinjer eller overordna plan (§ 5-4).

Motsegn kan for eksempel fremjast dersom omsynet til barn og unge ikkje er sikra, eller ved manglande beskriving av verknader av planforslaget, manglande medverknad, manglande vurderingar av barns beste og krav til fysisk utforming og anna.

3.2.11 Regional planstrategi. Regional plan

Mange planspørsmål gjeld forhold ut over den enkelte kommunen. Samtidig lèt mange oppgåver seg ikkje løyse innanfor ramma av den enkelte kommunen. Desse kan ha verknader for barn og unge i regionen (slik som sykkelvegar til vidaregåande skular etc.).

Fylkeskommunen skal utarbeide ein regional planstrategi, og han skal i samsvar med § 7-1 behandle utviklingstrekk og utfordringar. Sjå i [retteliaren](#) (Regional planstrategi), om kunnskapsgrunnlag. Regionale styresmakter skal utarbeide regionale planar (§ 8-1) for dei spørsmåla som er fastsette i den regionale planstrategien. Ferdig utarbeidd forslag til regional planstrategi skal òg sendast på høyring til dei organa som representerer barn og unge. Ungdomspanel, ungdommens fylkesting, barn og unges kommunestyre, unges kommunestyre/ungdommens kommunestyre, og ungdomsråd er aktuelle høyringsinstansar.

3.2.12 Kommunal planstrategi

Kommunestyret skal seinast eitt år etter konstituering utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi, jf. plan- og bygningslova § 10-1.

Kommunal planstrategi er ikkje ein plan og skal ikkje innehalde typisk planinnhold som mål, strategiar og tiltak. Kommunal planstrategi skal byggje på eit kunnskapsgrunnlag med sentrale utviklingstrekk og utfordringar, og synleggjere viktige føringar som FNs berøktsmål, folkehelseoversikten, nasjonale og regionale føringar og ny politikk. Dette kan omhandle befolkningsutvikling, skulesituasjonen, barnehagesituasjonen, bustadbehov mv.

Iht. § 5 i folkehelseloven (første ledd) skal:

«Kommunen ha nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkningen og de positive og negative faktorer som kan virke inn på denne.»

Andre ledd seier:

«Oversikten skal være skriftlig og identifisere folkehelseutfordringene i kommunen, herunder vurdere konsekvenser og årsaksforhold. Kommunen skal særlig være oppmerksom på trekk ved utviklingen som kan skape eller opprettholde sosiale eller helsemessige problemer eller sosiale helseforskjeller.»

Oversikta etter § 5 andre ledd i folkehelseloven, som beskrive over, skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunens planstrategi. Ei drøfting av folkehelseutfordringar i kommunen bør også inngå i planstrategien, jf. § 6 i folkehelseloven.

Basert på dette kunnskapsgrunnlaget og folkehelseoversikta, drøftar og grunngir planstrategien reelle planbehov og oppgåver som har politisk prioritet, kva planar kommunen bør starte opp, revidere, rullere, vidareføre, eventuelt avvikle og prioritere rekkefølge på i dette arbeidet i valperioden, for å legge til rette for ønskja utvikling.

I arbeidet med planstrategien skal kommunestyret ta stilling om gjeldande kommuneplan, eller deler av denne skal reviderast, eller om planen skal vidareførast utan endringar i handsaminga av planstrategien (med kommuneplan meiner ein her kommuneplanens samfunnssdel med handlingsdel og arealdel).

Planstrategien skal også avklare sektorane sine planleggings- og samordningsbehov.

Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan vere ein del av oppstarten av arbeidet med kommuneplanen. Planstrategien kan også sei noko om det skal vere temaplanar, strategiar eller handlingsplanar for å styrke kunnskapsgrunnlaget eller merksemda innan ulike felt.

På KMDs nettsider er det ei innføring i plansystemet og prosessene og de kommunale planoppgavene, herunder planstrategi: [Kommunale planoppgaver - regjeringen.no](http://Kommunale%20planoppgaver%20-%20regjeringen.no).

Følgande systemrettleiarar omtaler også bruk av planstrategi:

- [Kommunal planstrategi](#)
- [Kommuneplanprosessen – samfunnssdelen – handlingsdelen](#)
- [Kommuneplanens arealdel](#)

3.2.13 Kommunal planstrategi. Vurderingstema om barn og unge sine interesser

Planstrategien bør drøfte utfordringar og strategiske val. Her tenkjer vi på dei utviklingstrekka som vert skissert i planstrategien:

- Er det noko der som vil påverke oppveksttilhøva til barn?
- Ved evt. vekst i folketallet – blir det nok leikeplassar, barnehagar og skular?
- Blir skulevegen trygg?
- Skil einskilde geografiske område seg ut m.o.t. sosiale helseutfordringar blant barn?
Kva med dei unge?
Kva med utviklinga av helseutfordringane?

Behov for revidering av planar eller nye planar?

- Utfordringane som vert skissert - bør dei handsamast i eigen oppvekstplan, barnehage- og eller skuleplan, folkehelseplan?
- Er det behov for å revidere eksisterande planar som nemnt over?
- Treng kommunen nye planar for å handtere utviklingstrekk?
- Bør samfunnsdelen eller arealdelen av kommuneplanen reviderast?
- Kan det vere behov for å utarbeide eigne oppvekstplanar, folkehelseplan, helse- og omsorgsplan, plan for skular eller andre tema for å løyse utfordringar?

Det vil vere klokt av kommunen å involvere barn og unge i dei drøftingane i grunnlagsdokumentet som gjeld dei i forkant av handsaming av planstrategien.

3.2.14 Kommuneplan

Kommunen skal òg ha ein samla kommuneplan som omfattar ein samfunnsdel med handlingsdel og arealdel for heile kommunen, jf. plan- og bygningslova § 11-1.

Kommuneplanen skal sikre nasjonale mål og retningslinjer, jf. § 11-1. *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging* skal ligge til grunn for planlegginga i kommunen.

Det same skal *statlige planretningslinjer* og *Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegging* (RPR BU). Vidare gir folkehelselova føringar om at kommunen har plikt til å drive eit kunnskapsbasert og systematisk folkehelsearbeid, som skal ligge til grunn for planlegginga i kommunen, sjå kapittel 1.

Nasjonale mål om å sikre barn og unge eit trygt og sikkert oppvekstmiljø står nærmare omtalt i RPR BU. Barn og unge skal ha moglegheiter og utfordringar som gir ein meiningsfylt oppvekst, utan omsyn til bustad og sosial og kulturell bakgrunn. Dette må ligge til grunn når samfunns- og arealdelen av kommuneplanen kjem på den politiske dagsordenen.

Det kan utarbeidast kommunedelplanar for spesielle område, tema eller verksemdsområde som handlar om interessene til barn og unge. Det kan vere oppvekstplanar, folkehelseplan, helse- og omsorgsplan, grønstrukturplan, skuleplanar og anna.

3.2.15 Samfunnsdelen av kommuneplanen. Prioriteringar av ressursar og arealbruk

Samfunnsdelen skal ifølgje § 11-2 ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar og bør innehalde ei beskriving og vurdering av alternative strategiar for utviklinga i kommunen. Samfunnsdelen er grunnlaget for planane og verksemda i dei ulike sektorane, og han er tett kopla til økonomiske disposisjonar og prioriteringar i kommunens økonomiplan. Samfunnsdelen av kommuneplanen skal leggjast til grunn for verksemda i kommunen og for statens og regionale styresmakters verksemd i kommunen, jf. § 11-3.

Samfunnsdelen bør seie noko om korleis kommunen skal organisere seg for å lykkast med det tverretatlege samarbeidet, og gi føringar for arbeidet i sektorane. Alle sektorane skal bidra med diskusjonar i arbeidet med samfunnsplanlegginga. Bidrag og deltaking frå helse-, oppvekst- og skulesektoren, barnevernet og helsestasjonstenesta er viktige.

I tillegg er det viktig at tema i *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging* blir vurdert i samfunnsdelen til kommuneplanen

I *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging* av 2019 (s. 7) er det forventa at kommunane utarbeider ein overordna arealstrategi i samfunnsdelen av kommuneplanen.

Arealstrategien blir bindeleddet mellom samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen. Den set opp hovedprinsippa for den langsigktige arealbruken i kommunen.

Arealstrategien skal gi langsigktig retning til areal- og ressursforvaltninga i kommunen. Dette er viktig mellom anna for å skape sosialt berekraftige samfunn og sørge for at areal for barn og unge blir sikra og teke hand om.

Handlingdelen i kommuneplanen gir grunnlag for prioritering av ressursar og planleggings- og samarbeidsoppgåver i kommunen og konkretiserer tiltaka innanfor dei økonomiske rammene kommunen har.

Mål og strategiar for barn og unge som er nedfelte i handlingsdelen, skal følgjast opp og synleggjerast gjennom økonomiplan og budsjett. Det er derfor viktig at sektorane medverkar i den overordna planlegginga i kommunen og ser på om handlingsplanen i kommunen får konsekvensar for oppvekst, nærmiljø og aktivitetsmoglegheiter for barn og unge. Økonomiplanen kan i nokre kommunar utgjere handlingsdelen eller inngå i handlingsdelen, men prinsippet gjeld likevel.

Samfunnsdelen bør seie noko om heile kommunens rolle som samfunnsutviklar, mellom anna som arealdisponent og tenesteytar overfor barn og unge.

3.2.16 Samfunnsdelen. Vurderingstema om interessene til barn og unge

I samfunnsdelen er det først og fremst aktuelt å vedta mål og strategiar – og det er viktig at barn og unge sine interesser er teke høgde for der. Konsekvensane for barn og unge som følgje av utvikling og planlagd utbygging i kommunen må vurderast.

- Vil framtidig befolkningssamansetning påverke skulesituasjon og helsetilbod?
- Vil det vere tilstrekkeleg med aktivitetsmogleheitene og leikeområda til barn framover?
- Vil samfunnsutviklinga påverke korleis barn og unge kan røre seg rundt om i lokalmiljøet, til skulen og venner?
- Kan det vere eit mål å ha fleire ungdomstilbod og -klubbar?
- Fruktordning i skulen som tiltak for å jamne ut sosiale helseeskilnader?
- Kan det vere et mål med trygge skulevegar? Trengs tiltak for å få betre trafikktryggleiken?
- Kan det vere et mål å betre barns fritidsbehov og fritidsmogleheter?
- Er det tilstrekkeleg med gangvegar og stiar i kommunen?
- Er det nødvendig å sikre den samla grønstrukturen, og å sikra eigna areal for barn og unge?

3.2.17 Arealdelen av kommuneplanen

Samfunnsdelen av kommuneplanen blir konkretisert i arealdelen av kommuneplanen (jf. § 11-5). Her fastset kommunestyret kva som er tillaten arealbruk, og kva restriksjonar som gjeld. Arealdelen er ein oversiktsplan som viser kva for areal som skal disponeras til dei ulike formåla. Arealutnyttinga skal gå fram av planen. Planen skal òg vise kva for areal som skal vernast mot byggetiltak og andre inngrep.

Arealdelen av kommuneplanen skal omfatte plankart, føresegner og planbeskriving som gjer greie for korleis nasjonale og regionale omsyn er handterte i planen. Hugs RPR BU. Det skal formulerast føresegner som gir utfyllande informasjon til plankartet (sjå omtale av plankart i § 2-1). Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan skal følgjast.

Når planarbeid blir sett i gang, skal kommunen varsle offentlege organ som det får følgjer for, og andre interesserte om formålet med planarbeidet og problemstillingar knytte til formålet. Samtidig skal kommunen kunngjere at planarbeid blir starta opp, i minst éi alminneleg lesen avis og gjennom elektroniske medium. Dette følgjer av plan- og bygningslova § 11-12 andre ledd om oppstart av arbeid med kommuneplan. Sjå om det er teke omsyn til vurderingstema knytte til interessene til barn og unge.

Sjå meir i rettleiaren om [arealdelen av kommuneplanen](#).

3.2.18 Arealdelen av kommuneplanen. Vurderingstema

Dei langsigtige måla og strategiane i samfunnssdelen skal speglast i arealdelen av kommuneplanen. Det kan utarbeidast kommunedelplanar for spesielle område, tema eller verksemdsområde. Dette kan vere nyttig for å kaste lys over særskilde tema som gjeld interessene til barn og unge, som oppvekstplan, folkehelseplan, helse- og omsorgsplan, grønstrukturplan, skuleplan og anna.

I utarbeidinga av arealdelen må kommunen vere medviten om lokaliseringa av bustadområde, skular og kultur- og fritidsfasilitetar for å leggje til rette for trygg ferdsel og høve til fysisk aktivitet. Det er viktig at kommunen gjennom føresegner i arealdelen av kommuneplanen legg til rette for dette:

- Samanhengande grønstruktur, innslag av natur og grøntområde i bustadområde og korte avstandar til gode plassar for leik og fysisk aktivitet for alle innbyggjarane
- Barn flyttar seg med kortare avstand frå heimen dess yngre dei er, og det er viktig at dei minste kan finne eigna område
- Samtidig må større barn og unge også ha stader å møtast og vere fysisk aktive, og dei må kunne gå eller sykle sjølv til aktivitetane

Kartlegging av korleis barn og ungdom bruker areal, er ein god reiskap for å få kunnskap om og kunne ta omsyn til rørslemønstera og bruksområda deira når arealplanen av kommuneplanen skal utarbeidast. Barnetråkk er ein måte å kartlegge barns bruk av omgivnadene på. Mange kommunar har gjennomført barnetråkk i nokre eller mange delar av kommunen, og det kan vere nyttig å hente fram desse og sjå om dei framleis er relevante for planprosessen. Sjå meir i kapittel 4.

Ved omdisponering av areal som er i bruk eller sette av til uterom, fellesareal, friareal eller uteområde for skular og barnehagar som blir brukte eller er eigna for leik, skal det i samsvar med RPR BU gjerast ei vurdering av dei eksisterande leike- og opphaldsareala og skaffast fullverdig erstatning i rimeleg nærleik (RPR BU punkt 5d).

Det kan fastsetjast føresegner om lokalisering av busetnad, anlegg og arealbruk, styring av tomteutnytting, talet på einingar og bygningar og kva storleik, form og funksjonar anlegg skal ha. Det kan òg stillast areal- og funksjonskrav til leikeområde og andre ute- og opphaldsområde. Det kan setjast rekkjefølgjekrav og krav til samtidig ferdigstilling av bustad- og uteområde.

3.2.19 Rettsverknad av arealdelen av kommuneplanen: juridisk bindande

Arealdelen er juridisk bindande for nye tiltak eller utviding av nye tiltak. Det er ikkje høve til å setje i verk nye tiltak eller gjere disponeringar som er i strid med planen, jf. § 1-6.

3.2.20 Arealformål i arealdelen av kommuneplanen – interessene til barn og unge

Pbl § 11-7 seier kva for arealformål som kan nyttast i arealdelen av kommuneplanen Dei er sett opp i hovudformål og eventuelt underformål.

Arealformåla er:

«1. Bygninger og anlegg.

Underformål (for eksempel): boliger, fritidsbygninger, kjøpesenter, forretninger, uteoppholdsareal.

2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur,

3. Grønstruktur.

Underformål: naturområder, turdrag, friområder og parker,

4. Forsvaret,

5. Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindrift LNFR,

6. Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone.»

Fleire hovudformål kan ikkje brukast på same areal, men underformål kan kombinerast under hovudformåla.

For eksempel kan eit uteområde ikkje regulerast til friområde dersom det er meint å tene som uteareal for ein barnehage. Det formålet som då er riktig, vil vere *arealformål bygninger og anlegg*, med *underformål offentlig tjenesteyting (uteområde barnehage)*.

I byggjeområde vil det vere nødvendig å setje av areal til utandørsaktivitetar for barn og ungdom. På kommuneplannivået blir dette rekna som ei nødvendig forplikting som ligg innbakt i arealformålet *bygninger og anlegg*, og som kan detaljerast i påfølgjande reguleringssplan. Leikeområde og friområde kan òg visast som ein eigen arealbruk gjennom bruk av underformålet *uteoppholdsareal*.

Arealformålet *grønstruktur* blir nytta for å vise til dei overordna grøntområda i tettstader og byar. Det gjeld grøne areal som er samanhengande eller tilnærma samanhengande, og som dekkjer behovet for rekreasjonsareal for allmenta i byar og tettstader. Arealformålet *grønstruktur* må skiljast frå arealformålet *LNFR* og arealformålet *grønstruktur* med underformålet *uteoppholdsareal*.

Grønstruktur kan alternativt setjast opp som ei omsynssone i arealdelen av kommuneplanen. Dersom siktemålet er å opparbeide og leggje til rette for at barn kan bruke eit område som er sett av til *grønstruktur*, må ein velje eit underformål som *park* eller *friområde*, som gir høve til dette. Les meir om grønstruktur og friluftsliv i byane på Miljødirektoratets nettside.

Arealformålet *LNFR* blir nytta i dei tilfella der kommunen ønskjer å setje av større areal som kjem natur- og friluftslivsinteresser til gode. I slike område vil det vere avgrensa høve til å føre opp bygningar og setje i verk tiltak.

3.2.21 Generelle føresegner til kommuneplanens arealdel

I plan- og bygningslova § 11-9 er det omtalt åtte punkt der kommunen har heimel til å formulere generelle føresegner til arealdelen. Vi vil trekke fram desse heimlane, som er viktige for å sikre interessene til barn og unge:

Kommunen kan uavhengig av arealformål vedta føresegner til arealdelen av kommuneplanen som gjeld (sitat frå lova)

«4. rekkefølgekrav for å sikre etablering av samfunnsservice, teknisk infrastruktur, grønnsstruktur før områder tas i bruk og tidspunkt for når områder kan tas i bruk til bygge- og anleggsformål, herunder rekkefølgen på utbyggingen,

5. byggegrenser, utbyggingsvolum og funksjonskrav, herunder om universell utforming, leke-, ute- og oppholdslasser, skilt og reklame, parkering, frikjøp av parkeringslasser etter § 28-7 og utnytting av boligmassen etter § 31-6.»

Plan- og bygningslova § 11-9 nr. 4 gir høve til å formulere rekjkjefølgjeføresegner for å sikre at eit område ikkje blir bygd ut før det for eksempel er etablert nødvendig teknisk infrastruktur (energiforsyning, veg, vatn og avløp), grønstruktur (for eksempel park) og samfunnsservice (barnehagar og skular) som trengst i det aktuelle området.

Siktemålet med ei slik formulering er for eksempel å sikre at det blir bygd barnehagar og skular når det trengst. Detaljar omkring veg, fortau, gang- og sykkelveg og eventuelle omkringliggjande grøntområde vil bli nærmare avklarte når reguleringsplanen blir utarbeidd, men kan altså sikrast/heimlast i føreseggnene i arealdelen.

Etter § 11-9 nr. 4 kan kommunen vedta rekjkjefølgjekrav for å sikre mellom anna etablering av grønstruktur som leikeplassar og uteareal før område blir tekne i bruk, og fastsetje rekkefølga på utbygginga. Dette er eit verkemiddel for å sikre at omgivnadene rundt bustadene blir ferdig opparbeidde, brukelege, trygge og trivelege for mellom andre barn og unge. Vidare vil ein sikre at alle innbyggjarar, også barn og unge, får lett tilgang til og trygge ferdselsårer til større grøntareal, parkar og friluftsområde som ligg litt unna bustadområdet.

Plan- og bygningslova § 11-9 nr. 5 gir kommunen høve til å formulere krav til leike-, ute- og oppholdslassar og universell utforming i arealdelen. Krav til tilgjengeleghet, storlek på gitte formål, stignings- og solforhold er andre eksempel på funksjonskrav som kan takast inn i føreseggnene i arealdelen. Kommunen kan også utarbeide ei eiga norm som fastset ytterlegare krav til funksjon og fysisk utforming av leike- og oppholdsareal. Etter § 11-9 kan norma heimlast i kommuneplanen.

Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegging (RPR BU) punkt 4c stiller krav om at kommunen må utarbeide eigne føresegner og retningslinjer om omfang og kvalitet på areal og anlegg av betydning for dei unge. Dette er samanfallande med det § 11-9 nr. 5 gir høve til.

Mindre barn har avgrensa aksjonsradius. Det er derfor avgjerande at areal og anlegg som er meinte for dei ulike aldersgruppene, er store nok og eigna for leik og opphold på ulike årstider. Avsette areal må leggjast til rette for ulike aldersgrupper og vere eigna som stad for samhandling mellom barn, unge og vaksne.

Areala må også vere lett tilgjengelege. Ferdselsårene mellom leikeareal og der barna bur, må vere trafikksikre. Areal og anlegg som blir tilrettelagde for barn og unge, skal vere sikra mot støy og annan helsefare. Areala som blir sette av, må vurderast i lys av RPR BU punkt 5a

og b. Det er kommunen som må sørge for at desse krava blir innfridde i arealplanen med tilhøyrande føresegner. Heimelen finst i § 11-9 nr. 5.

Dei fleste kommunar formulerer føresegner til arealdelen av kommuneplanen om at det skal opparbeidast varierte leikeplassar, for eksempel sandleikeplassar, kvartalsleikeplassar, balløkker og større leikeområde. RPR BU punkt 5b poengterer at barn skal ha tilgang til areal der dei kan skape sitt eige leikemiljø.

Kartlegging av korleis barn og ungdom bruker areal, er ein god reiskap for å få oversikt og ta omsyn til arealbruken og behova deira når arealdelen av kommuneplanen skal utarbeidast.

Barnetråkk er som nemnt ein måte å kartleggje arealbruken på.

RPR-BU punkt 5c stiller krav til kommunen om at det skal setjast av store nok areal til barnehagar. Formuleringa gjeld både nye og eksisterande barnehagar. Dette må avklarast i arealdelen av kommuneplanen og seinare følgjast opp i reguleringsplanar.

Rettleiaren til forskrift til miljøretta helsevern i barnehagar og skular gir meir utfyllande informasjon om kvalitet og storleik på uteområdet. Rettleiaren IS-2072 utdjupar forskrifter og omtaler uteområdet for barnehagar. Her er det fastsett at uteområdet for barn mellom 0 og 3 år skal vere 24 m^2 per barn, og at det skal vere 33 m^2 per barn over 3 år. Rettleiaren IS-2073 gjeld tilsvarende for skular og har tilrådingar om storleiken på skuleplassen. Kvaliteten på areala som blir sett av til barnehage- og skuletomt, må vurderast nøye.

Det er viktig at uteområda på tomta har tilstrekkeleg variert og utfordrande terren, slik dette er formulert i gjeldande forskrifter. Dersom kommunen avvik vesentleg frå i tilrådin-gar i rettleiaren, må vala dokumenterast og grunngivast. Byggeteknisk forskrift TEK17 med rettleiar gir i kapittel 8 meir nyttig og utfyllande informasjon når areal til barnehage- og skuletomt skal setjast av i arealplanen.

3.2.22 Føresegner til arealformål (§ 11-10) etter § 11-7 nr. 1, 2, 3 og 4

Etter lova kan kommunen formulere supplerande føresegner til arealformål berre i «nødvendig utstrekning». Kommunen kan gjennom å vedta føresegner i arealdelen av kommuneplanen legge til rette og sørge for samanhengande grønstruktur, innslag av natur og grøntområde i bustadområde og korte avstandar til gode plassar for leik og fysisk aktivitet for barn og unge.

Kommunen kan også vedta føresegner som krev at det blir lagt fram ein plan for uteområda. Kommunane kan dessutan legge premissar for kvalitet ved å stille krav til sol og lys, arealstorleik og avstandar i uteareala i nye planar.

Etter § 11-10 nr. 2 kan kommunen gi føresegner om fysisk utforming av anlegg og etter § 11-10 nr. 3 fastsetje kva som skal vere areal til offentleg formål eller fellesareal. Det er høve til å formulere føresegner om fysisk utforming av for eksempel trafikkanlegg, idrettsanlegg og parkeringsanlegg for syklar ved nye skular og barnehagar.

Kommunen kan også fastsetje minste uteoppholdsareal (MUA) i samsvar med § 5-6 i teknisk forskrift av 2017 (TEK17) til felles og privat bruk i utfyllande føresegner til arealdelen

av kommuneplanen. MUA er praktisk å bruke i plan fordi det er eit kjent omgrep i byggjesaksbehandlinga.

I tillegg kan kommunen i § 11-19 nr. 3 gi føresegner om kva som skal vere areal til offentleg formål eller fellesareal. Eit offentleg areal er ope for alle, mens det gjennom føresegnene til ein plan skal avklarast kven fellesarealet er felles for. Om ei balløkke er regulert som felles-areal for medlemmene av burettslaget, kan barn frå nabolaget hindrast i å bruke løkka. For barn og unge er det viktig at areala i nabolaget som alle skal kunne bruke, blir sett av til offentleg formål i føresegner.

3.2.23 Oppstart av arbeid med kommuneplan jf. § 11-12

Føresegna gir reglar om varsling og kunngjering når arbeidet med ny kommuneplan tek til. Lova seier at organ som planen får følgjer for, og andre interesserte skal varslast om formål og viktige problemstillingar for planarbeidet. Arealinteressene til barn og unge kjem inn under dette omgrepet. RPR BU er eit sentralt verktøy når ein skal vurdere kva for viktige problemstillingar som får følgjer for dei unge. Dersom areal som har vore i bruk, er i bruk eller er viktige for barn og unge, blir foreslått omdisponerte til byggeformål, må det forklarast i varsel om oppstart.

Kommunen må òg sørge for at informasjonen i oppstartsvarselet blir tilpassa og gjord tilgjengeleg slik at barn og unge forstår kva det gjeld. Kommunen skal sjølv leggje til rette for ein aktiv medverknadsprosess der dei unge får høve til å delta dersom dei ønskjer det.

3.2.24 Utarbeiding av planprogram

Samtidig med kunngjering av oppstart av arbeid med ny kommuneplan sender kommunen vanlegvis ut planprogrammet til offentleg ettersyn (§ 11-13).

Planprogrammet skal utarbeidast etter reglane i § 4-1 som er framstilte over.

Planprogrammet skal gjere greie for siktemålet med kommuneplanen og alternativ som er vurderte, innehalde ei liste over behov for utgreiingar, og foreslå opplegg for medverknad, mellom anna for barn og unge.

3.2.25 Høyring av planforslag

Ifølgje § 11-14 skal forslag til samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn med minst seks vekkers frist til å uttale seg. Av saksframlegget som følgjer planen i høyringsperioden, skal det gå fram korleis verknaden av planen og innkomne fråsegner til planforslaget har vore vurderte, og kva vekt desse er tillagde i planforslaget.

Det er ein føresetnad at det i planforslaget blir vurdert kva konsekvensar forslaga til løysingar har for barn og unge. Denne vurderinga kan vere ein del av planbeskrivinga.

Forslag til kommuneplan skal presenterast og gjerast tilgjengeleg og tilpassast barn og unge som i høyringsperioden har lyst til og interesse av å delta og komme med innspel.

Kommunen må i saksframstillinga gjere greie for korleis aktuelle krav og retningslinjer, som i RPR BU punkt 4 og 5, er følgde opp i plankart og føresegner. Dette må sjåast i samanheng med krava i barnekonvensjonen om å leggje det beste for barna til grunn for avgjerder.

3.2.26 Reguleringsplanlegging

Det er to typar reguleringsplanar: områderegulering og detaljregulering. Begge plantypane skal følge opp arealdelen av kommuneplanen og gi meir detaljerte føringar og beskrivingar av arealbruken for eit område. Reguleringsplanar er samansette av eit plankart og føresegner, og føresegner i reguleringsplanar er juridisk bindande for arealbruken i området. Vedtak av desse planane er enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2b.

Områderegulering (§ 12-2) blir utarbeidd av kommunen for å avklare arealbruken i eit større område. Siktemålet er å avklare hovudstrukturane og prinsippa for bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgivnader i eit område og/eller leggje rammer for vidare detaljutforming. Arealdelen av kommuneplanen kan stille krav om at det skal utarbeidast ei områderegulering. Detaljregulering (*§ 12-3*) er ein plan for eit avgrensa område. Planen følgjer opp og detaljerer hovudtrekka som er viste i kommuneplanen, eller i ei områderegulering om det ligg føre for arealet.

3.2.27 Områderegulering. Vurderingstema for interessene til barn og unge

I ei områderegulering vil oppvekstmiljøet til barn og unge kunne vurderast og planleggjast heilsakleg. Aktuelle vurderingstema kan vere uteområde, lys- og solforhold, variert terreng, leikeplassar/uteareal på tomta, attraktiv del av tomta og uteareal/leikeplass som ligg nær bustad. Det kan vere aktuelt å greie ut korleis forholda er når det gjeld synsfelt frå bustad, tilgang til grønstruktur og trafikktryggleik.

Områderegulering kan gi betre høve til å sikre uteareal og trafikktrygge samband for større barn mellom bustad og parkar, plassar og grøne areal i tettstader og bystrøk. Uteareal og parkar i buområda må henge saman og vere tilgjengelege. Dette er spesielt viktig for å få til gode og funksjonelle nærmiljø for barn og unge.

3.2.28 Detaljregulering. Vurderingstema for interessene til barn og unge

For å sikre interessene til barn og unge vil det vere aktuelt å vurdere element som mellom anna uteoppahaldsareal, uteleikeplassar, lys- og solforhold, kva som er attraktiv del av tomta, avstand mellom uteareal/leikeplass og bustad, synsfelt frå bustad, tilgang til grønstruktur, gangvegar, stiar og trafikktryggleik. Sjå *rettleiar om reguleringsplanar*.

3.2.29 Arealformål i reguleringsplan, jf. § 12-5

Inndelinga i arealformål for reguleringsplanar er i hovudtrekk den same som for arealdelen av kommuneplanen. Underformåla er òg stort sett samanfallande. Hovudformåla kan kombinerast innbyrdes og med omsynssoner. Det same kan underformåla.

Dei formåla som blir nytta, er bindande for arealbruken innanfor området. Det er òg slik at kommunen må nytte den arealforma som området er meint å tene. For eksempel kan ikkje ein skuleplass regulerast til friområde dersom han er meint å tene som uteområde for elevane. Då vil arealformålet *bygninger og anlegg* og underformålet *bygninger for offentlig tenesteyting* vere riktig.

Valet av arealformål svarer til den typen arealbruk som er fastsett i overordna planar.

Arealformålet *grønstruktur* blir nytta i ein reguleringsplan primært for å dekkje dei større og samanhengande grøntområda som ligg utanfor, og nokre gonger innanfor, busetnaden. Underformåla som kan nyttast, er naturområde, turdrag, friområde og parkar. Om ein vel

dei tre siste som underformål, vil det gi høve til å utføre ei viss opparbeiding og tilrettelegging til nytte og glede for allmenta, mellom andre barn og ungdom.

Leike- og opphaldsareal hører naturleg med i ein reguleringsplan for bustadbygging og er like nødvendige som interne vegar i eit bustadområde. I denne samanheng er det er nyttig å vite forskjellen i bruk av arealformålet bygningar og anlegg med underformålet uteoppahaldsareal og arealformålet grønstruktur. Uteoppahaldsareal er fellesareal for dei som bur i området, medan grønstrukturen som hovudregel er offentleg tilgjengeleg. Underformålet uteoppahaldsareal blir nytta når areal er knytte direkte til bygningane. Arealformålet grønstruktur er større og meir eller mindre samanhengande grøne område som ligg innanfor eller i tilknyting til større tettstader og byar. Uteoppahaldsareal og grønstruktur kan langt på veg samanliknast med det som tidlegare hadde nemninga «interne og eksterne friområde».

Val av både formål og underformål er viktig for å legge til rette for eit godt oppvekstmiljø og komme i møte dei behova barn og unge har.

Kommunen må sjølv sørge for at det blir sett av tilstrekkeleg med uteoppahaldsareal og grønstruktur som innfrir målsetjinga i RPR BU.

Reguleringsplanen må setje av areal til leik og opphold i tråd med dei formuleringane som finst i føresegnene til arealdelen av kommuneplanen. Sjå også RPR-BU, punkt 5a og b. Omdisponering av areal bør viast særskild merksemd, jf. RPR BU punkt 5d.

Dersom det skjer ei omdisponering av areal frå uregulert til regulert areal eller ei omregulering av allereie regulert areal, skal det alltid vurderast om arealet som ein ønskjer regulert eller omdisponert, har vore i bruk, er i bruk eller kan ha nytteverdi for barn og unge i framtida. Sjå òg omtale i 3.2.5 om planprogram, 3.2.6. om planbeskriving, 3.2.18. om vurderingstema om arealdelen av kommuneplanen.

TEK 17 kapittel 8 gir meir nyttig og utfyllande informasjon om dei krava som er stilte til opparbeidd uteareal for barnehage- og skuleomter som skal setjast av i arealplanen.

3.2.30 Føresegner i reguleringsplan, jf. § 12-7

Under trekkjer vi fram ein del føresegnar som relevante for å sikre interessene til barn og unge i planlegginga.

I reguleringsplan kan kommunen i nødvendig utstrekning gi føresegnar til arealformål og omsynssoner om desse forholda (utdrag):

- «1. grad av utnytting, utforming, herunder estetiske krav, og bruk av arealer, bygninger og anlegg i planområdet,
- 2. vilkår for bruk av arealer, bygninger og anlegg i planområdet, eller forbud mot former for bruk, herunder byggegrenser, for å fremme eller sikre formålet med planen, avveie interesser og ivareta ulike hensyn i eller av hensyn til forhold utenfor planområdet,
- 4. funksjons- og kvalitettskrav til bygninger, anlegg og utearealer, herunder krav for å sikre hensynet til helse, miljø, sikkerhet, universell utforming og barns særlige behov for leke- og uteoppahaldsareal,
- 10. krav om særskilt rekkefølge for gjennomføring av tiltak etter planen, og at utbygging av et område ikke kan finne sted før tekniske anlegg og samfunnstjenester som

energiforsyning, transport og vegnett, sosiale tjenester, helse- og omsorgstjenester, barnehager, friområder, skoler mv. er tilstrekkelig etablert,
14. hvilke arealer som skal være til offentlige formål eller fellesareal.»

Både for område- og detaljreguleringar er det i «nødvendig grad» gitt høve til å formulere føresegner til dei arealformåla og omsynssonene som er nemnde i paragrafen. Fleire av desse har innverknad på interessene til barn og unge.

Merk at det til arealdelen av kommuneplanen også kan vere føresegner om uteopphaldsareal som må følgjast opp i områdereguleringar og detaljreguleringar.

§ 12-7 punkt 1, «Grad av utnytting», er truleg det viktigaste styringsmiddelet for å forme ny utbygging både på uutbygd mark og ved fortetting. Grad av utnytting skal førast opp i reguleringsplanen for byggjeområde. Føresegner til arealformål kan òg gjelde høgd på bygg og utforming av uteareal rundt bygg. Byggteknisk forskrift (TEK17) kapittel 8 har føresegner som stiller krav til opparbeiding av uteareal (tilkomst, parkering og uteopphaldsareal) og plassering av byggverk. Det gjeld for både bustadtomta, barnehagen og skuleanlegget. Forskrifta skal alltid følgjast når areal som er sett av i planen, skal opparbeidast. Grada av utnytting skal reknast ut og førast opp i samsvar med TEK17, sjå rettleiaren [Grad av utnytting](#).

§ 12-4 punkt 4 gir høve til å formulere føresegner om funksjons- og kvalitetskrav til bygninga, anlegg og uteareal, mellom anna krav for å sikre omsynet til helse, miljø, tryggleik, universell utforming og barns særlege behov for leike- og uteopphaldsareal. Siktet målet er å gjere greie for korleis desse forholda skal sikrast ved utbygging av eit område.

Uterommet bør ha ei utforming som gir høve til både opphold og sosialt samvær, rekreasjon, leik og spel i dei ulike årstidene. Areala bør kunne brukast av ulike aldersgrupper og gi høve til samhandling mellom barn, unge, vaksne og eldre uavhengig av funksjonsevne. Sjå TEK17 § 8-3 om minste uteopphaldsareal (MUA) og § 8-4 om uteopphaldsareal. I både område- og detaljregulering kan kommunen gi føresegner om krav til kvalitet og utforming av areal og fysiske omgivnader som sikrar definerte funksjonskrav. Gjennomtenkte og praktisk gode planar legg grunnlaget for at barn og unge skal få oppfylt rettane sine, jf. pbl § 12-7 nr. 4.

Tilgjenge, storlek, plassering, sikringstiltak, universell utforming og stigings- og solforhold er eksempel på kvalitets- og funksjonskrav til leike- og opphaldsareal som ofte er nemnde i føreseggnene til arealdelen av kommuneplanen. Dette må også sikrast i føreseggnene til ein reguleringsplan. Vi viser elles til RPR BU punkt 5a og b, som gjer greie for når areal som er meinte for barn og unge, skal avsetjast i reguleringsplanen.

Kapittel 5 i TEK17 gir også kommunen høve til å stille krav i føreseggnene i reguleringsplanen om bruk og utforming av areal og bygninga innanfor avgrensinga av ein reguleringsplan. Det kan dreie seg om grad av utnytting, høgder, minste leikeareal per bueining, utforming av uteareal, støyskjerming og liknande. Utbygd areal, køyreareal og parkering blir ikkje rekna som uteareal.

Kommunen har høve til å utforme føresegner som hindrar fjerning av vegetasjon og andre inngrep i friluftsområde og naturområde som inngår i planen. Dette kan vere aktuelt der som områda for eksempel er viktige for at barn og unge skal få høve til leik og rekreasjon.

§ 12-7 punkt 10 gir heimel til å fastsetje rekkjefølgjeføresegner som sikrar at tiltak etter planen, det vil seie innanfor planområdet, blir gjennomførte i ei viss rekjkjefølgje. Det kan stillast krav om at leikeareal og anna uteopphaldsareal skal vera ferdigstilt før bustadområdet kan takast i bruk (bruksløyve). Slike føresegnar er mykje brukt, og er svært viktige for at kostnaden med å etablere leikeareal blir teken av utbyggjar. Det er òg heimel for å krevje at utbygging av eit område ikkje kan skje før tekniske anlegg og samfunnstenester som energiforsyning, transport og vegnett, sosiale tenester, helse- og omsorgstenester, barnehagar, friområde, skular og anna er tilstrekkeleg etablerte. Slike tiltak kan ligge utanfor planområdet, men kan sikrast etablert gjennom rekkjefølgjeføresegna dersom dei er nødvendige av omsyn til planområdet.

I utgangspunktet kan kommunen i reguleringsplanen berre gi føresegnar som regulerer arealbruk og tiltak innanfor det området planen gjeld for. Det kan likevel givast føresegnar i planen som stiller vilkår om at for eksempel barnehage, skule eller gang- og sykkelveg som ligg utanfor planområdet, skal vere etablerte før utbygginga av planområdet kan starte. Dette er fordi det her dreier seg om tekniske anlegg og samfunnstenester som knyter seg til og skal nyttast i samband med det området som er regulert.

Sjå også kap 3.2.21 om rekkjefølgjeføresegner i arealdelen av kommuneplanen.

§ 12-7 punkt 14 gir heimel for å fastsetje om eit areal skal vere til offentleg formål eller fellesareal. For å sikre barn areal er det viktig at leike- og opphaldsareal som skal tene heile bustadområdet, bør det regulerast til offentleg formål. Areal som blir sette av til fellesareal for leik, kan berre nyttast av dei som føresegne i planen seier at arealet er felles for. Det kan ekskludere dei barna som høyrer til andre delar av bustadområdet. Det er derfor viktig å vurdere planområdet i samanheng med området rundt, også for å sikre at barn og unge får tilstrekkelege og gode leike- og uteopphaldsareal i nærleiken av der dei bur.

Det er føresegne til ein plan som fastset om ein regulert veg er offentleg eller privat. For barn og ungdom er det vesentleg at kommunen gjennom bruk av føresegner sikrar at viktige ferdselsårer for dei unge blir offentleg tilgjengelege.

3.2.31 Oppstart av reguleringsplanarbeid, jf. § 12-8

Når reguleringsplanarbeidet startar opp, planen blir lagt ope ut (offentleg ettersyn) for å motta merknadar, ved at det blir kunngjort i ei avis og elektroniske medium. Offentlege organ som planen får følgjer for, og andre interesserte skal varslast.

Når forslagsstillaren er ein annan enn planstyresmakta sjølv, skal planspørsmålet først leggjast fram for planstyresmakta i oppstartsmøte.

Oppstartsmøtet er viktig. Kommunen har plikt til å fortelje kva for rammer og føringar det må takast omsyn til i planprosessen. Rikspolitiske retningslinjer for å sikre interessene til barn og unge i planlegging er slike rammer som også må presenterast. Representanten for barn og unge kan òg vere med på oppstartsmøtet. Vedkommande erstattar ikkje barna sjølv, men kan leggje frem synspunkt om kva planen må ta omsyn til, eller synspunkt som kan vere med på å sikre eller gi gode oppvekstmiljø.

Kommunen må òg informere om krava i § 5-1 om at forslagsstillaren har ansvar for å gjennomføre aktiv medverknad frå barn og unge.

Det skal dessutan avklarast om planforslaget utløyer krav om planprogram og konsekvensutgreiing. Sjå det som er skrive om desse i 3.2.5 og 3.2.6.

Det er krav om at det blir skrive referat frå oppstartsmøte. Det vil kunne vise om kommunen har opplyst om RPR BU, og kven som var til stades.

I tillegg skal det sendast varsel til dei som er *høyringspartar*, det vil seie offentlege styresmakter, aktuelle organisasjonar, naboar, barn og unge.

3.2.32 Utbyggingsavtalar etter §§ 17-1 – 17-7

Ein utbyggingsavtale blir inngått mellom utbyggjaren eller grunneigaren og kommunen. Avtalen gjeld utbygging av eit område som inngår i arealdelen av kommuneplanen, eller han gjeld ein reguleringsplan. Siktemålet er at det skal bli klart kva for føresetnader kommunen stiller, og kva for forpliktingar utbyggjaren tek på seg for eit utbyggingsområde. Avtalen tek utgangspunkt i planen og føreseggnene i den som kommunestyret har vedteke (§§ 17-2 – 17-3).

Kommunen skal leggje til rette for medverknad av grupper og interesser som planen får følgjer for. Barn og unge er oftast ei slik gruppe i ein utbyggingsavtale. Det er fordi utbyggingsavtalen kan omfatte å sikre at føreseggnene i planen blir følgde, slik at det blir opparbeidd mellom anna leike- og opphaldsareal, gang- og sykkelvegar, tilgang til grønstruktur og bade- og rekreasjonsareal.

Representanten for barn og unge skal sjå til at interessene til barn og unge blir sikra i alle saker som blir behandla etter føreseggnene i plan- og bygningslova. Representanten bør derfor få oversendt forslag til utbyggingsavtalar til fråsegn, for å vurdere om forholdet mellom avtalen og føreseggnene i planen sikrar interessene til barn og unge eller ikkje.

3.2.33 Dispensasjon, jf. §§ 19-1 – 19-4

Dispensasjon inneber at ein tiltakshavar etter søknad får unntak frå planar og føresegner. Det kan berre givast dispensasjon dersom vilkåra *i § 19-2* er oppfylte.

Det skal leggjast særleg vekt på konsekvensar for barn og unge ved vurderinga av om det kan givast dispensasjon (jf. RPR BU). Kommunen bør også vurdere om det er nødvendig å stille vilkår om avbøtande tiltak i samband med interessene til barn og unge.

Regionale og statlege styresmakter skal alltid få høve til å uttale seg før det blir gitt dispensasjon, dersom ein dispensasjon får direkte følgjer for saksområda deira. Interessene til barn og unge er eit slikt saksområde. I slike saker vil RPR BU punkt 5 bli lagd til grunn når fylkeskommunen og statsforvaltaren vurderer og uttaler seg om søknaden.

3.3 Byggjesaksdelen av plan- og bygningslova

Byggjesaksbehandlinga skal sikre at byggjetiltak blir gjennomførte i samsvar med lov og forskrift og planvedtak.

Interessene til barn og unge blir i første rekkje sikra gjennom planføresegner. Krav i plan skal sikrast ved byggjesaksbehandling.

Byggjesaksforskrifta (SAK10) skal medverke til å sikre gjennomføring av formålet i lova gjennom krav til søker, saksbehandling, ansvar i byggjesaker, gjennomføring av tilsyn, kontroll og føresegner om gebyr for brot på lova.

3.3.1 Søknadsplikt etter § 20-2

Byggjetiltak kan ikke setjast i verk utan godkjend søknad. Utfyllande liste over tiltak som krev byggjeløyve, står i § 20-1, og ytterlegare føresegner i § 20-2–20-6.

3.3.2 Førehandskonferanse etter § 21-1

Plan- og bygningslova seier:

«For nærmere avklaring av rammer og innhold i tiltaket kan det holdes forhåndskonferanse mellom tiltakshaver, kommune og andre fagmyndigheter. Andre berørte kan også innkalles. Andre berørte kan også innkalles. Forhåndskonferanse kan kreves av tiltakshaver eller plan- og bygningsmyndighetene.»

På førehandskonferanse for byggjesaka etter § 21-1 må det orienterast breitt om føresetnadene og plangrunnlaget for tiltaket på den aktuelle eigedommen, mellom anna interessene til barn og unge.

På førehandskonferansen vil det vere naturleg å nemne at ifølgje § 1-1 skal interessene til barn og unge sikrast i planlegginga og i kvart enkelt byggjetiltak. Desse interessene tek ein i første rekkje hand om gjennom planføresegner, men det blir viktig å presisere at krav i plan skal sikrast ved byggjesaka, og at den som fremjar byggjesaka, også er ansvarleg for at byggjesaka sikrar desse interessene.

Det skal også opplysast om krav til innsende dokument på dette møtet, og i denne sammenheng er det viktig å få ein god situasjonsplan som følgjer krava i reguleringsplanen.

3.3.3 Nabovarsel

Det går fram av § 21-3 første ledd at før ein sender inn søknad (sjå pbl § 20-1), skal naboar og gjenbuarar varslast av den som søker, dersom ikkje desse har meldt frå skriftleg at dei ikkje har merknader til søknaden.

Andre ledd seier at ein kan unnlate å varsle etter første ledd dersom arbeidet ikkje, eller i lita grad, får følgjer for interessene til naboar og gjenbuarar. Kommunen kan likevel krevje varsling av naboar og gjenbuarar som ikkje er varsla, dersom ein finn at vilkåra for å unnlate å varsle ikkje er oppfylte.

Kommunen kan også krevje at andre eigalar eller festalar enn dei som er nemnde i første ledd, skal varslast. Dette kan for eksempel skje dersom kommunen meiner byggjetiltaket får konsekvensar for bymiljøet til barn og unge.

3.3.4 Tilsynsplikt

Kommunen har plikt til å utføre tilsyn i byggjesaker i samsvar med § 25-1. Plikta gjeld generelt. Det er ikkje regelfesta kva forhold som eventuelt skal vurderast. Kommunen skal likevel ha ein strategi der han har valt ut og prioritert mellom forhold som skal følgjast opp. Dette kan for eksempel gjelde om tiltaket er plassert i samsvar med godkjend situasjonsplan. Eit anna eksempel kan vere om tiltak som leikeplassar er utforma i samsvar med godkjend situasjonsplan.

3.3.5 Den utbygde delen av tomta. Fellesareal

Plan- og bygningslova seier i § 28-7 (utdrag):

«Uteareal skal innenfor sin funksjon være universelt utformet i samsvar med forskrifter gitt av departementet.

Uteareal på tomta skal gjennom størrelse, utforming og beliggenhet mv sikre forsvarlig opphaldssted i det fri for beboere og i nødvendig utstrekning muliggjøre for lek, rekreasjon, avkjørsle og parkering av bilder, motersykler, sykler mv. Opparbeidet uteareal på tomta skal kunne brukes av alle innenfor tillatelsens formål. Kommunen kan godta at fellesareal blir sett av for flere eiendommer.»

§ 28-7 inneholder generelle krav til uteoppahaldsareal. Føresegna sikrar mellom anna at eit uteareal skal vere eigna for barn der det er ei forventa brukargruppe.

Grad av utnytting er saman med arealformål og planførersegner viktige premissar for utvikling av eit område med omsyn til berekraftig stadutvikling og utvikling av gode bu- og nærmiljø. Ein bør greie ut ulike grader av utnytting som eignar seg på tomta, og fastsetje tilrådde forhold i reguleringsplanen.

I samsvar med TEK17 er det i ei byggjesak sett krav til utforming av opparbeidde uteoppahaldsareal som etter funksjonen skal vere eigna til rekreasjon, leik og aktivitetar for ulike aldersgrupper. Ved byggjesaksbehandling skal kommunen stadfesta at det er prosjektert i tråd med gjeldande føreseigner. Kommunen kan føre tilsyn med at eit leikeområde er prosjektert, og/eller om det er utført etter gjeldande lov og forskrifter.

Sjå byggeteknisk forskrift (TEK17) kapittel 8, spesielt Opparbeidet uteareal § 8-3 og Veileder grad av utnytting H-2300.

4 Aktiv medverknad av barn og unge

Plan- og bygningslova pålegg alle som utarbeider planar, offentlege og private, å leggje til rette for medverknad frå barn og unge som planen har eller kan få følgjer for. Medverknad er i tillegg eit allment prinsipp forankra i formålsparagrafen § 1-1 i lova.

I plan- og bygningslova er medverknad forstått som at enkeltpersonar og grupper har rett til å delta i og påverke offentlege utgreiings- og avgjerdss prosessar. Det gir innbyggjarane høve til å planlegge framtida si. Formålet med medverknad i planprosessen er mellom anna

- å sikre gode løysingar som tek omsyn til alle behov
- å leggje til rette for at alle som planen får følgjer for, og interesserte aktørar kan komme til orde
- å fremje kreativitet og engasjement og vere ein arena for demokratisk deltaking i lokalsamfunn
- å skaffe fram eit godt avgjerdssgrunnlag

Sjå meir om metodar og eksempel i medverknadsrettleiaren utarbeidd av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

4.1 Barn og unge – verdien av å la barn og unge medverke

Regjeringa og Stortinget er opptekne av at barn og ungdom skal seie si meining og få komme med innspel i plan- og byggjesaker som har følgjer for dei.

Det er viktig at barn og unge medverkar, fordi dette gir barn og unge rett og høve til å erfare at deira røyst blir teken på alvor, og at deira innspel får verknad på fellesskapet. Erfaring viser at dersom barn og ungdom får vere med på å utvikle nær- og lokalmiljøet, tek dei betre vare på det. Det gir eigarkjensle.

Dei unge har førstehands erfaring og kunnskap om korleis det er å vekse opp og vere barn eller ungdom i eige nærmiljø. I møte med bodskapen frå dei unge kan vaksne tilegne seg ny kunnskap som kan medverke til betre og meir treffsikre løysingar, og dette vil ha innverknad på utviklinga, trivselen og oppvekstvilkåra for barn og unge.

Å leggje til rette for at dei unge blir høyrde og tekne på alvor i planprosesser, fører òg til at politikarar tek avgjerder på eit breiare kunnskapsgrunnlag. Mange planar og gjennomførte prosjekt kan bli betre når dei blir utforma på barn og unge sine premissar. Uteområde, skuleplassar og leikeområde blir betre tilpassa og meir brukande for barn og unge når dei sjølv er med på å utforme områda dei skal bruke.

Som det går fram av kapittel 1, har barn og ungdom gjennom internasjonale og nasjonale regelverk rett til å ta del i reelle demokratiske prosesser og få påverke sin eigen kvardag. Ved å inkludere barn og unge kan ein vere med på å styrke lokaldemokratiet og opplevinga av kva det er.

4.2 Kommunens ansvar

Plan- og bygningslova § 5-1 seier at alle som fremjar planforslag, skal legge til rette for medverknad. Kommunen skal sørge for at dette er oppfylt i planprosessar som blir utførte av andre offentlege organ eller private.

Kommunen blir i § 5-1 andre ledd gitt eit særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, mellom andre barn og unge. Grupper og interesser som ikkje er i stand til å delta direkte, skal sikrast gode høve til medverknad på annan måte. Det er likevel kommunen som planstyresmakt som skal sørge for at kravet om å legge til rette for medverknad er følgt i planprosessen der private eller andre styresmakter har utarbeidd planforslag.

Formuleringane i lova inneber at planforslag skal tilpassast og presenterast slik at det blir forståeleg for barn og ungdom. Den som utarbeider eit planforslag, har plikt til å sørge for å legge til rette for aktiv medverknad frå dei unge. Det gjeld anten det er kommunen sjølv, private eller andre styresmakter som er forslagsstillaar.

Planlegging og byggjesaker må også følgje føringane i artikkel 3 i barnekonvensjonen, som seier at ein skal ta omsyn til barns beste.

Det er viktig at det tidleg i planprosessen blir fastsett korleis medverknaden frå barn og unge skal leggjast til rette og gjennomførast. Dette er ofte eit tema i oppstartsmøtet mellem forslagsstillaar og planstyresmakt.

Plan- og bygningslova § 4-1 krev at det for alle regionale planar, kommune(del)planar og reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal utarbeidast eit planprogram der også opplegget for medverknad skal fastsetjast. Medverknadsopplegg for barn og unge skal inngå som ein del av planprogrammet dersom planane får følgjer for deira interesser.

I arbeidet med planstrategien i kommunen (§ 10-1 andre ledd) skal det også leggjast opp til brei medverknad. Vidare skal kommunen i arbeidet med samfunnssdelen av kommuneplanen gi retningslinjer for korleis kommunen sine eigne strategiar og mål skal gjennomførast ved medverknad frå offentlege organ og private, jf. § 11-2 andre ledd.

For at kommunen skal oppfylle det særlege ansvaret sitt for å sikre aktiv medverknad, tilrår departementet at kommunen avklårar kva for arenaer som er mest formålstenlege å nytte, og kven som skal ha ansvar for å gjennomføre medverknadsprosessar med barn og unge. Den eller dei i kommunen som får ansvar for å legge til rette og gjennomføre medverknadsprosessar for dei unge, bør òg ha forståing for det planfaglege innhaldet. Vedkommande bør ha kompetanse og erfaring i å legge fram plansaka slik at innhaldet blir forståeleg for dei unge.

Departementet presiserer at den som har rolla som representant for barn og unge i samband med plan- og bygningslova § 3-3 (*særskild ordning*) ikkje automatisk har ansvaret for å gjennomføre medverknadsprosessar for barn og unge. Oppgåva vedkommande har, er å peike på behovet overfor administrasjonen og gjere politikarar merksame på eventuell manglande medverknadsprosess når saker blir utarbeidde og behandla i kommunen. Sjå meir om dette i kapittel 5.

Dersom planforslaget inneber omdisponering av areal som er sette av til barns bruk, vil forslag om fullverdig erstatning vere eit aktuelt tema å leggje fram for dei unge. Det same vil vere tilfellet dersom ein ønskjer å omdisponere uregulert areal som barna har teke i bruk, til byggjeformål. Kommunen bør også gi råd og rettleie private forslagsstillerar om korleis dei kan gjennomføre medverknadsopplegg for barn og ungdom.

4.3 Statsforvaltaren og fylkeskommunens ansvar

Statsforvaltaren skal medverke til at politiske mål og lovverk, forskrifter og statlege retningslinjer blir følgde opp i planar som kommunen behandler. Fylkeskommunen har eit generelt rettleiingsansvar overfor kommunane i planlegging etter pbl § 3-2 siste ledd og eit særleg ansvar for å følgje opp interessene til barn og unge i planlegginga, jf. RPR BU.

4.4 Motsegner dersom medverknad ikkje blir gjennomført

Det går fram av plan- og bygningslova § 5-4 at eit statleg eller regionalt organ som er ansvarleg for det saksområdet/ansvarsområde som planane gjeld, kan fremje motsegn når eit planforslag er i strid med føresegner i lova eller statlege planretningslinjer. Vi viser elles til føresegnene for den enkelte plantypen.

4.5 Medverknadsorgan – korleis involvere barn og unge

I § 5-12 i kommunelova er det fastsett at kommunen skal opprette eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetjing og ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom. På kommunalt nivå finst fleire ulike organ. Nokre eksempel er barne- og ungdomsråd, ungdommens kommunestyre, elevråd, kontaktutval mellom ungdom og politikarar og barnas kommunestyre. Råda er rådgivande organ for kommunen eller fylkeskommunen og har rett til å uttale seg i saker som gjeld høvesvis eldre, personar med funksjonsnedsetjing og ungdom.

Kommunestyret eller fylkestinget kan sjølv kan velje ungdomsråd. Ungdomsrådet skal ha ein valperiode på inntil to år. Medlemmene i ungdomsrådet skal på valtidspunktet ikkje ha fylt 19 år.

Kommunestyret eller fylkestinget kan velje å etablere ei anna medverknadsordning for ungdom enn eit ungdomsråd.

Sjå forskrift av juli 2019 om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, personar med funksjonsnedsetjing og ungdom (forskrift om medverknadsordningar). Rettleiaren for ungdomsråd gir òg tips om korleis råda kan arbeide.

Det er viktig å vere merksam på at deltarane i ungdomsrådet ikkje utan vidare er representativ for dei ungdommene planen får følgjer for. Planleggjarar må i kvar enkelt sak vurdere om deltarane i ungdomsrådet veit nok om oppvekstmiljøet og levekåra til barn og ungdom i det aktuelle planområdet. Dersom bakgrunnen deira blir vurdert som lite representativ for saka, bør breiare grupper inviterast til å medverke.

Desse medverknadsorgana er etter lova oppnemnde til å vere talerøy for ungdommen, ikkje barna. Det inneber at når ungdomsrådet deltek i planar, så utelukkar ikkje det at barn som planane får følgjer for, også kan medverke.

4.6 Barnetråkk

Barnetråkk er ein metode for å dokumentere korleis dei unge bruker areal. Barn og unge gir informasjon på digitale kart om korleis dei bruker lokalmiljøet. Barna merkjer av kva for vegar dei bruker, kva stader dei er glade i, og kva stader dei opplever som problematiske. Dette gir kommunen oppdatert kunnskap til betre arealplanlegging.

Kartlegginga er også veleigna når kommunen arbeider med planar for trafikktryggleik.

Dokumentasjonen kan vere ein del av grunnlaget for prioritering av fysiske tiltak på vegnettet.

Registrering av korleis barn og unge bruker areal, kan også skje ved bruk av store ortofoto i A0-format. Ei synfaring saman med deltakarane vil forsterke og utdjupe informasjonen.

Mange kommunar og ein del fylkeskommunar har gjennomført barnetråkk. Det kan vere nyttig å hente fram tidlegare registreringar. Materialet kan vere tilstrekkeleg, eller det kan vere eit supplement til registreringar som blir gjorde i samband med kommuneplanen eller reguleringsplanen.

4.7 Andre metodar for medverknad

Det ligg føre ulike metodar som kan nyttast i ein medverknadsprosess. Departementet har ei eiga nettside med lenkjer. Det blir opp til tilretteleggjaren sjølv å vurdere kva for metode som passar best i den aktuelle situasjonen.

5 Den særskilde ordninga etter tbl. § 3-3

Etter plan- og bygningslova § 3-3 tredje ledd skal kommunestyret sørge for å etablere ei særskild ordning for å sikre interessene til barn og unge i planlegginga.

Intensjonen bak ordninga er at den som har denne rolla, skal medverke til at interessene til barn og unge blir betre synleggjorde og tekne hand om i all plan- og byggjesaksbehandling etter denne lova. Den som har funksjonen, skal på eit tidleg tidspunkt få innsikt og rett til å uttale seg i dei delane av saksbehandlinga og planlegginga som har følgjer for barn og ungdom.

Departementet foreslår at personen/funksjonen blir omtalt som *barn og unges talsperson, barna- og dei unge sin talsperson eller barne- og ungdomsrepresentant, alternativt barnerepresentant* (ein er barn til ein er myndig).

Vi omtalar «ordningen» her som barn og unge sin talsperson/barnerepresentant.

5.1 Politisk vedtak ved oppnemning

Kommunen kan sjølv velje om ordninga som blir etablert for å ivareta barn og unges interesser skal vedtakast av dei folkevalde eller delegerast til administrasjonen. I mange kommunar blir den som skal ha stillinga eller stå for ordninga, formelt vald av kommunestyret, og ofte gjeld utpeikinga heile valperioden. I nokre kommunar er utpeikinga delegert til administrativt nivå, for eksempel til verksemderleiaren/etatsleiaren for skule og oppvekst eller kultur og fritid.

Uavhengig av ordning må kommunen avklare organisatorisk tilknyting.

5.2 Varsel om etablering av ordning

Kommunen skal melde frå til statsforvaltaren med kopi til fylkeskommunen om kven som er utpeikt til å ta hand om denne oppgåva. Det må dokumenterast at kommunen har ei slik ordning, korleis ho er organisert, og korleis ho blir handtert i plan- og byggjeprosessane.

5.3 Kommunedirektørens oppgåver og mynde overfor talspersonen

Kommunelova § 13-1 andre ledd seier dette om forholdet mellom den personen som er sett til å ha ordninga, og kommunedirektørens oppgåver og mynde:

«Kommunedirektøren skal lede den samlede kommunale eller fylkeskommunale administrasjonen, med de unntak som følger av lov, og innenfor de instrukser, retningslinjer eller pålegg kommunestyret eller fylkestinget gir.»

Vidare har også kommunedirektøren etter § 25-1 ansvaret for internkontrollen i kommunen. Dette er mellom anna å sikre at lover og forskrifter blir følgd.

Det vil derfor *ikkje* vere innanfor styringsretten å instruere vedkommande til *ikkje* å ta hand om interessene til barn og unge. På den andre sida kan instruksjonsretten nyttast til å sikre at vedkommande faktisk gjer jobben med å ta hand om desse interessene på ein god måte.

5.4 Den særskilde ordninga: møte-, tale- og forslagsrett

I kommunelova § 13-1 femte ledd heiter det at kommunedirektøren har møte- og talerett i alle kommunale eller fylkeskommunale folkevalde organ med unntak av kontrollutvalet. Kommunedirektøren kan også la ein av sine underordna utøve denne retten på sine vegne. I kommunelova § 11-5 om møteoffentlegheit står det at alle har rett til å vere til stedes i møter i folkevalde organ, så lenge møtet ikkje er lukka etter fråsegnene i § 11-5 andre til femte ledd.

Departementet anbefaler derfor at den som blir utpeika til barn og unges talsperson/barnerepresentanten er tilsett i kommunen sin administrasjon. Personen har då møterett og talerett i desse møta.

Dersom personen som har funksjonen som barn og unge sin talsperson/barnerepresentant ikkje er tilsett i kommunen, anbefaler Kommunal- og moderniseringsdepartementet at kommunestyret vedtek at vedkommande får møterett og talerett til desse møta når dei aktuelle sakene skal behandlast og at dette går fram av instruksen.

I følgje kommunelova er det berre dei folkevalde som har forlagsrett i møter for folkevalde. Dei folkevalde kan heller ikkje gi kommunaldirektøren eller ein av dennes underordna, som eksempelvis barn- og unges talsperson, ein rett til formelt å fremje forslag på til vedtak i saker på møta.

Det er slik at det må vere ein av dei folkevalde som formelt må fremje forslag til vedtak i den aktuelle saka. Dette forslaget kan også komme som følge av innspel frå talspersonen eller barnerepresentanten.

Det er kommunen sitt ansvar at barn og unge sin talsperson/barnerepresentanten blir innkalla til desse møta.

5.5 Protokolltilførsel

Dersom barn og unge sin talsperson/barnerepresentanten, meiner at interessene til barn og/eller unge ikkje blir sikra i plan- eller byggjesaksprosessen etter føresegndene i plan- og bygningslova, eller er i strid med *Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges*

interesser i planlegging, kan kommunen opne for at barnerepresentanten skal kunne gi ei uttale som blir teke med i protokollen frå møtet som protokolltilførsel.

Barn og unge sin talsperson/barnerepresentanten kan altså få rett til å fremje protokolltilførsel, men har som kommunalt oppnemnt ikkje tilgang til å klage over vedtak.

5.6 Instruks for ordninga

Kommunestyret bør utarbeide og vedta ein eigen arbeidsinstruks for den særskilde ordninga om barn og unge sin talsperson/barnerepresentant.

5.7 Kven bør peikast ut som talsperson for barn og unge?

Kommunal- og moderniseringsdepartementet tilrår at kommunen peiker ut éin person som tek hand om denne ordninga/rolla/oppgåva. Vidare er det tilrådeleg at den som blir peikt ut, ikkje er politisk vald og sit i planutval eller det organet som behandlar planar og byggjesaker. Det bør også peikast ut ein vararepresentant.

Departementet foreslår at vedkommande blir omtalt som *talsperson for barna og dei unge* eller *barne- og ungdomsrepresentant*, alternativt *barnerepresentant* (ein er barn til ein er myndig).

Departementet anbefaler at den som blir talsperson for barna og dei unge, bør ha barnefagleg kompetanse eller erfaring frå arbeid med barn og unge, eller eventuelt rekrutterast frå sektorar som har kunnskap om barn og ungdom. Denne kompetansen skal nyttiggjera rast slik at problemstillingar knytt til interessene til barn og unge får merksemd og blir opplyste, og at løysingar blir diskuterte når planar og byggjesaker blir utarbeidde, fremja for og behandla av folkevalde organ.

5.8 Tilrettelegging og opplæring

Kommunen må leggje til rette for at den som har denne funksjonen, får opplæring. Det er nødvendig at den utpeikte blir sett i stand til å forstå plansystemet, får kunnskap til relevant lovverk og kunnskap om plan- og byggjesaksbehandlinga. Det er tilrådd at den utpeikte og etaten med ansvar for kommunal planlegging får høve til å ha eit nært samarbeid.

Vidare bør det etablerast eit apparat for oppfølging, rettleiing og fagleg støtte i kommunen til den som får dette ansvaret. Det er tilrådeleg at ein etablerer ei arbeidsgruppe som fungerer som diskusjonsforum og støtteapparat for denne ordninga. Det bør også vere eit nært samarbeid mellom den som får denne funksjonen, og koordinatorar for lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak og folkehelse.

Vidare må kommunen leggje til rette slik at vedkommande har ein arbeidssituasjon (stilingsbrøk, kontorplass osv.) som gjer det mogleg å utføre denne funksjonen.

5.9 Moglege løysingar/modellar for ordninga

Under er det presentert nokre modellar for kven som kan peikast ut i denne ordninga som barn- og unge sin talsperson/barnerepresentant. Løysingane/modellane er baserte på allereie etablerte funksjonar med kunnskap om kommunen og lokalmiljøet som vil ha stor meir- og overføringsverdi når det gjeld å sikre interessene til barn og unge i plan- og byggjesaker. Erfaringar tilseier at dette kan vere gode løysingar.

5.9.1 Folkehelsekoordinator

For å sikre eit systematisk folkehelsearbeid i kommunen, herunder innhente informasjon til den pålagde oversikten over folkehelseutmaningane og foreta analyser, jf. § 5 i folkehelse-lova, samt foreslå og iverksette tiltak, vil det vere behov for kompetanse og resursar. Sjølv om det ikkje er et krav i folkehelselova har mange kommunar oppretta ein stilling som folkehelsekoordinator. Sjå Helsedirektoratet sin rettleiar om *Systematisk folkehelsearbeid*.

Folkehelsekoordinatoren arbeider både med forankring av folkehelsearbeidet i kommunen og med konkrete tiltak, koordinerer, legg til rette og initierer innsats og medverkar til kartlegging av helsetilstanden i befolkninga. Folkehelsekoordinatoren skal drive systematisk og langsigktig samfunnsplanlegging for å betre folkehelsa.

Ein viktig del av jobben som folkehelsekoordinator er å få folkehelsearbeidet forankra i kommunens planlegging både politisk og administrativt.

Gjennom oversiktsarbeidet vil folkehelsekoordinatoren vere kjend med oppvekstvilkåra til barn og unge og i kva grad nærmiljøet har trygge og tilgjengelege aktivitetsfremjande omgivnader, for eksempel om det er mogleg å gå og eller sykle til skule og fritidsaktivitetar.

Dette vil vere nyttig kunnskap for ein som skal sjå til at kommunen sikrar interessene til barn og unge.

5.9.2 Sekretær for barne- og ungdomsråd

Alle kommunar skal ha ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom. Dette medverknadsorganet/ungdomsrådet har behov for administrativ hjelp for at det skal fungere optimalt. Mange kommunar har gitt sekretærer oppgåva til ein av dei tilsette. Sekretæren har då som oppgåve å kalle inn til møte, skrive referat og følgje opp barne- og ungdomsrådet på andre måtar.

Denne sekretæren kan vere aktuell til også å sikre interessene til barn og unge i plan- og byggjesaksprosessane. Kombinasjonen har vist seg å vere formålstenleg, sidan sekretæren for desse råda har nær kontakt med barn og unge, veit kva dei er opptekne av når det gjeld oppvekstvilkår, kjenner ønska og behova deira og korleis dei bruker og opplever nærmiljøet. I tillegg får vedkommande også kontakt med kommuneadministrasjonen og dermed brei kompetanse på området barn/unge og medverknad.

5.9.3 Koordinatorar lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT/SaLTo)

Om lag 200 kommunar har etablert stilling som koordinator for samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak for barn og unge etter den såkalla SLT-modellen.

SLT står for Samordning av lokale rus og kriminalitetsførebyggjande tiltak. Modellen er utvikla av Det kriminalitetsførebyggjande rådet (KRÅD). I Oslo er dette kalla SaLTo.

I dette koordinerande arbeidet handlar det om å skape arenaer der lokale krefter frå ulike sektorar kan utveksle erfaringar, utarbeide felles strategiar og utforme målretta tiltak tilpassa lokale utfordringar. Dei har gjennom nettverket og arbeidsforma si opparbeidd ein verdifull kompetanse om samanhengar mellom den fysiske utforminga av nærmiljøet, om det blir opplevd som trygt, variert, spennande, aktivitetsfremjande for barn og unge, og om det er sosialt inkluderande eller ikkje.

Sentrale partar er skule, barnevern, helse- og sosialetat og politiet. Mange av desse koordinatorane er også utpeikte som barnerespresentantar, sidan dei har kompetanse og innsikt som viser seg å vere svært nyttig i planlegginga.

Ved å ha begge funksjonar kan koordinatorane delta der planar blir presenterte, vurderte og diskuterte, og ha høve til å gi innspel knytte til kriminalitetsførebyggjande aspekt og tiltak.

6 Eksempel, nettsider, andre rettleiarar

6.1 Data som grunnlag for planlegging - Ungdata

Kommunens eigne kartleggingar saman med helseundersøkingar gir data om helsetilstand, aktivitetsnivå og oppvekst.

Ungdata er lokale ungdomsundersøkingar som alle kommunar og fylkeskommunar i landet får tilbod om gratis, og gir viktig bakgrunnsmateriale for vurderinga av korleis det er å vere ung i Noreg.

Undersøkinga Ungdata, i regi av velferdsforskningsinstituttet NOVA ved OsloMet og andre, dekkjer heilskapen i livet til unge og omfattar eit breitt spekter av temaområde som for- elde og venner, skule, lokalmiljø, fritidsaktivitetar, helse og trivsel, rusmiddelbruk, risikoåtferd og vald. 630 000 ungdommar frå 412 kommunar har delteke sidan 2010.

6.2 Eksempel planstrategiar

Bergen kommune: [Planstrategi for Bergen 2019-2023](#)

Omtale av planlagt planarbeid: "Det er behov for ein handlingsplan som kastar lys over utfordringar knytt til ungdomsåra og som sikrar ei meir tverrfagleg og heilheilskapleg innsats både i kommunen og mellom kommunen og relevante offentlege og ideelle/private aktørar. Handlingsplan for ungdommen 2020–2024 skal derfor utarbeidast."

Os kommune [Planstrategi 2020-2023](#), med kunnskapsgrunnlag.

6.3 Medverknad

6.3.1 Barna i sentrum

Trondheim kommune inviterte til [idékonkurranse](#) om byutforming med ein jury samansett av barn og ungdom, (2019).

6.3.2 Berlevåg kommune

Berlevåg kommune har eigen [rettleiar](#) om ungdomsråd, (2019).

6.3.3 Nabolagsarkitekten

Eldsjeler i Gamlebyen i Oslo har skapt ein brokete stad for barn og unge (2019) [Sjå omtale i Arkitektnytt](#)

6.4 Andre rettleiarar

6.4.1 Helsedirektoratets rettleiarar

På Helsedirektoratets nettside [Miljø og helse](#) ligg nasjonale anbefalingar, råd og rettleiarar om lokalt folkehelsearbeid, barnehagar og skular mv.

6.4.2 TØI: Tiltakskatalog for transport og miljø, [www.tiltak.no](#)

[www.tiltak.no](#) er ein tiltakskatalog for transport og miljø som gir oversikt over ei rekke miljø- og klimatiltak som kan nyttast for å redusere vegtrafikkens negative verknader i primært byar og tettstader. Transportøkonomisk institutt har redaktøransvaret for [www.tiltak.no](#), men mange ulike fagmiljø samarbeidar med tiltaksbeskrivinga. Tiltaksbeskrivinga er basert på forsking, og oppdaterast med jamleg. I tillegg finns linkar til andre miljø- og transportrelaterte informasjonskjelder .

Under avsnittet om [Overordnede virkemidler, Miljø, lover og forskrifter](#) har tiltakskatalogen ei liste med kunnskap om og erfaringar med fleire viktige tiltak for å sikre barn og unge gode oppvekstvilkår, sjá til dømes:

[Rikspolitiske retningslinjer for planlegging for barn og unge](#) (TØI og NIBR 2020)

[Barnas transportplan](#) (TØI 2019)

[Barnetråkk](#) for å dokumentere kvar barn leikar og ferdas (DOGA 2018),

[Gående skolebuss](#) (TØI og Trygg trafikk 2018)

[Kampanjer for sykling og gåing blant barn](#) (TØI 2019)

[Barnekonsekvensanalyse](#)r, ide frå Sverige (TØI 2020)

Utgitt av:
Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Kontakt: postmottak@kmd.dep.no

Publikasjonskode: H-2498 N
Forsidebilde: Jan Hausken/KMD